



HAREID KOMMUNE



BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022

**ÅRSBUDSJETT 2019
ØKONOMIPLAN 2020-2022
Kommentarar og tal**

Kommunestyret sitt vedtak



Versjon 201801 – endra 21.11.18



Innholdsfortegnelse

1	Rådmannen si innleiing:	3
1.1	Hovudmål	3
1.2	Om budsjettgrunnlaget	3
1.3	Ytre rammer	5
1.4	Samanlikningstal	7
1.5	Organisasjonen Hareid kommune	8
1.6	Kommunen sitt inntekspotensiale	10
2	Samanlikningstal	12
2.1	Kostra analyse:	12
2.2	Finansielle nøkkeltal	12
2.3	Demografi og folketal:	14
2.4	Hovudprioriteringar:	15
3	Økonomiske perspektiv	17
3.1	Finans	17
3.2	Eigedomsskatt	18
3.3	Statsbudsjettet	19
3.4	Finansiering av kommunesektoren	19
4	Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2020 – 2022 – Drift	21
4.1	Driftsbudsjett	21
5	Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2020 - 2022 – investering	28
5.1	Investeringsbudsjett	28
6	Stabsfunksjonen	32
6.1	Sektorstruktur	32
6.2	Årsverk og driftstiltak	32
6.3	Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring og kontroll	32
6.4	Overordna målsettingar	35
7	Sektor for læring og kultur	36
7.1	Sektorstruktur	36
7.2	Årsverk og driftstiltak	36
7.3	Investeringar	40
7.4	Overordna målsettingar	40
8	Sektor for velferd	42
8.1	Sektorstruktur	42
8.2	Årsverk og driftstiltak	43
8.3	Investeringar	45
8.4	Overordna målsettingar	46
8.5	Oversikt over einingane i sektor for velferd	49
9	Sektor for samfunnsutvikling	53



9.1	Sektorstruktur	53
9.2	Årsverk og driftstiltak	55
9.3	Investeringar	60
9.4	Overordna målsettingar	67



1 RÅDMANNEN SI INNLEIING:

Rådmann Ragnhild Velsvik Berge

1.1 Hovudmål

Kommuneplanen har fire hovudmål, og tre av desse er relatert til samfunnsutvikling:

- Hareid skal vere ei bu- og utviklingskommune. Ein attraktiv kommune å bu og leve i for den einskilde, for familien, tilflyttarar og kompetansepersonar.
- Hareid kommune skal gi barn og unge gode oppvekstvilkår, trygge miljø, trivsel og samkjensle som grunnlag for livskvalitet, identitet og utvikling
- Hareid skal vere ein kommune som gjer det mogleg med eit allsidig næringsliv der miljø og arbeidsplassar kan tryggast, moglegheiter utviklast, nye verksemdar

Kommuneplanen sitt fjerde hovudmål er retta inn mot kommunen sitt ansvar som tenesteytar:

- Kommuneorganisasjonen i Hareid skal sikre tenester og service av rett kvalitet i samsvar med behova i kommunen etablerast og får folk med kompetanse til å bu i kommunen.

Hovudmåla har i seg element som er aktuelle å styre etter også i 2019, men kommuneplanen er frå 2006 og arbeid med ny plan vert sentralt i 2019. Kommunen manglar ein god målstruktur der ein ser den klare lina frå målsettingane i samfunnsdelen til delmåla i sektorane. Ein samanhengande målstruktur vil få fokus framover.

1.2 Om budsjettgrunnlaget

Frå 1.januar 2020 vil 119 kommunar bli til 47 nye kommunar. Det vil då vere 356 kommunar i Norge. Framleis har omlag halvparten av kommunane under 5000 innbyggjarar. Over 120 kommunar vil framleis ha under 3000 innbyggjarar. Interkommunalt samarbeid eller fleire endringar i kommunestrukturen vert difor sentrale tema framover. Ut frå dette kan ein definere Hareid som ei middels stor kommune, men ein ser tydeleg at oppgåver og ansvar aukar, og at det vert stadig meir utfordrande for ei lita eining å halde oppe kvaliteten og nede kostandane.

I fjorårets budsjettframlegg peikte rådmannen på veival med tanke på kor stor risikovilje ein skal ha når det gjeld investering kontra drift. Det vart til dømes problematisert kor stort helsehus vi har råd til å bygge, og om bygging og drift av fotballhall er ei oppgåve kommunen har råd til å prioritere. Fleire viktige tiltak for kommunen har fått si politiske avklaring og prosjekterte kostnad siste året. Med dette har vi fått betre oversikt over økonomiske konsekvensar, og ein må konkludere med at summen av løns- og prisvekst og nye investeringsprosjekt har gjort budsjettarbeidet til ei svært krevjande oppgåve.

Hareid kommune får auka driftskostnader som følgje av auka investering på kr. 6,3 millionar i 2019, med ei stigning fram mot kr.15,8 million i 2022. Dette er pengar som må hentast inn ved hjelp av auka inntekt og saldering av andre driftstiltak. Rådmannen må legge fram eit budsjett i balanse, og for å lykkast med det er det lagt inn sterke innsparingskrav på sektorane, samt ei nyttiggjering av det inntektspotensialet kommunen har. Det må presiserast at fleire usikre faktorar gjer at ein nok må justere planen fortløpande i løpet av budsjettperioden.

Kommuneorganisasjonen er pålagt store, og kanskje for store innsparingskrav. Ekstra buffer som avsetnad til fond er saldert for å unngå ytterlegare kutt. Likeeins er det tatt ned ein million kroner frå barnevernsbudsjettet i høve 2018-drift. Dette på bakgrunn av signal frå



barnevernsleiar, men ho seier samstundes at det kan også skje at dei treng å vidareføre budsjettmidlane. Dette er avhengig av om noverande tiltak lykkast og kan avviklast. Det er ikkje lagt inn midlar til den auken ein ser i sosialbudsjettet. Dette ut frå ei målsetting om å få ned sosialhjelps-utgiftene. Det er lagt inn noko auke til legeteneste, men omfanget av komande utgifter til dette er ukjent og noko ein må justere etter kvart som ein kjenner tala. Midlane til vikar er tappa og ein må gjere fortløpande vurderingar på dette kontra brukarane og dei tilsette si velferd. Der er fleire ukjende kostnadsdrivarar ut i langtidsperioden så ein må rekne med at driftsutgiftene vil stige utover det ein har fått innarbeidd til no.

Disposisjonsfondet skal gi handlingsrom og sikre kommunen mot sårbare svingingar. Hareid kommune har eit lite fond og høg risiko, så her er eit sterkt behov for å ha ein buffer for negative budsjettavvik og uføresette hendingar både på utgifts- og inntektssida. Rådmannen finn dessverre ikkje rom for å sette av til disposisjonsfond i 2019 og 2020, men tek sikte på å sette av vel 2 mill. kroner årleg i frå 2021. I 2019 og 2020 er det naudsynt å bruke midlar frå fond. Rådmannen budsjetterer med å bruke 7,4 og 2,9 mill. kroner av fondet i 2019 og 2020. Samla utgjør dette 10,3 mill. kroner. Ein reknar med å unngå bruk av fond i 2018, sjølv om det er budsjettert å bruke eit par hundre tusen kroner. Fondet utgjør 14,7 mill. kroner, og det vil da stå att ca. 4,4 mill. kroner ved årsslutt 2020. Om ein følger budsjettet vil ein etter år 2022 ha ca. 9 mill. i fondsmidlar.

Forventa renteauke i kombinasjon med auka låneopptak gjer det naudsynt å sikre delar av lånemassen. Pr i dag er det liten sikring og det er difor lagt inn ein liten auke i midlar til å sikre rentekostnader. Dette burde nok ha vore meir.

Utgiftene til pensjonskostnader er stadig eit spenningsmoment då desse varierer frå år til anna, og dei endelege tala for budsjettåret vert ikkje kjende før ut på hausten året etter. Rådmannen tek difor atterhald i høve dei endelege pensjonskostnadane.

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for å vurdere den økonomiske situasjonen i kommunane. Netto driftsresultat vert oppgitt i prosent av driftsutgiftene. Eit mål på ein sunn økonomi for kommunane er at netto driftsresultat er minimum 1,75 % av driftsinntektene jf. tilrådinga frå Teknisk Berekningsutval (TBU). Forholdstalet gir svar på handlingsrommet til kommunane, og dei frie midlane i netto driftsresultat kan blant anna nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk.

1.2.1 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Med utgangspunkt i kommunelova sitt kapittel 8 skal kommunen skal kvart år vedta budsjett og handlingsprogram som skal tilfredsstille dei gitte og absolutte krava. Sentrale premisser er kommunen si økonomiske stilling, tenestestatusen i driftseiningane, samt føringar frå statsbudsjettet og lokalt politisk nivå.

Rådmannen skal ta i vare dei ulike perspektiva innanfor økonomi, organisasjon, teneste og lokalsamfunn. Rådmannen prioriterer innanfor rammene i framlegget til budsjett og handlingsprogram. Rådmannen er bindeleddet mellom politisk og administrativt nivå. Rådmannen har eit særskilt ansvar for at saker som leggst fram for folkevald organ har fått ei forsvarlig utgreiing og at vedtak blir sett i verk. Vidare skal rådmannen syte for at kommunedrifta ligg innanfor gjeldande lover, forskrifter og overordna instruksar, samt syte for forsvarleg kontroll (jf. kml. §23.2.).

1.3 Ytre rammer

1.3.1 Næringslivet si perspektivmelding for 2018


Denne viser til at gullalderen er over. Fleire av utviklingstrekk vi skisserer viser at vi står overfor krevjande endringar. Økonomi og politikk går i syklusar og framtida er usikker, men på fleire felt er tendensane bekymringsfulle:

- lågare vekst i Norge og hos våre handelspartnarar
- globalisering i revers og mulig handelskrig
- aukande ulikskap og sviktande tillit
- klimautfordringar som krev felles løysingar og teknologiske nyvinningar
- ein høg andel utanfor arbeidslivet
- fleire jobbar vil bli utsatt for automatisering og konkurranse utanfrå

Dei siste tiåra har store inntekter frå olje- og gassindustrien gjort det lett å auke dei offentlege utgiftene mykje i Norge. Dette er truleg historie. Framover vil utgiftene til pensjonar auke. Og sjølv om oljeinntektene i fleire tiår vil vere betydelige, vil dei gradvis utgjere ein mindre andel av dei samla inntektene

Dersom Norge skal oppretthalde velferdsnivået utan å tappe av oljefondet, må vi enten auke skattane eller bruke ressursane våre betre. Å auke skattane frå eit alt høgt nivå kan svekke sjølve skattegrunnlaget, den verdiskapinga vår velferd kviler på. Men vi kan fortsette å ta i bruk teknologi og organisere oss slik at vi får mest mulig verdiskaping ut av kvar time. Og meir av arbeidskrafta kan takast i bruk om vi lykkast med å få fleire i jobb — ved at fleire som står utanfor kjem inn, dei som er innanfor står lenger i jobb, og at deltidstilsette vert heiltidstilsette.

1.3.2 Regjeringa sin strategi for velferd og berekraftig statsfinansar



Denne tabellen viser strategier for å sikre vidare finansiering av velferdsordningane.

Ein ser at effektivisering, omprioritering, auka sysselsetting og auka skatt er dei sentrale elementa.

Figur 11.15 Finansiering av velferdsordningene. Behov for finansiering (blå søyler) og inndekningsalternativer regnet per tiår fra 2030 til 2060. Basisalternativet¹ og et alternativ med styrket velferdstilbud.² Prosent av BNP Fastlands-Norge

¹ Alternativene er nærmere beskrevet avsnitt 11.4, mens basisalternativet er beskrevet i boks 11.5.

² I alternativet styrket velferd øker ressursinnsatsen per bruker innenfor helse og omsorg med 1 pst. per år. Som en teknisk illustrasjon er det lagt til grunn en inndekning i form av økt arbeidsinnsats (10 pst. flere timeverk per innbygger i 2060 sammenliknet med basisalternativet) og økt effektivitet i offentlig forvaltning (¼ pst. per år). Ytterligere tiltak tilsvarer gjenværende inndekningsbehov.

Kilde: Finansdepartementet.

Fornye, forenkle og forbedre offentlig sektor er regjeringa sine stikkord for fornyingsarbeidet, der innbyggjarane skal møte ein effektiv og brukarretta offentlig forvaltning som er opptatt av resultat og gjennomføring. Digitalisering er nøkkelord, og digital kommunikasjon skal vere



hovudregelen i møte mellom innbyggjar og det offentlege. Auka valfridom og større innflytelse over eige liv er sentralt. Det er sett fokus på fjerning av tidstjuvar.

- Strengare prioritering. Det handlar om at det offentlege ikkje kan gjere alt. Om både å gjere dei rette tinga og prioritere dei rette tinga
- God styring. Her er god leiing og effektiv ressursbruk sentralt. Det same er god utgreiing og gjennomføring med klare rammer.
- Fornuftig fordeling av oppgåver. Mellom offentleg og privat sektor. Mellom innbyggjarar og det offentlege, stat og kommune. Nytte den teknologiske utviklinga til å legge til rette for at den enkelte kan ta ansvar for eige liv innanfor trygge rammer
- Lære av andre. Av privat sektor, andre offentlege verksemdar, ha resultatmålingar og drive nettverkssamarbeid
- Utnytte moglegheitene som ligg i digitalisering. Bruke verktøy til automatisering av oppgåver. Hente ut gevinst på ein systematisk måte
- Strukturreformer. Det skal leggjast til rette for nødvendige strukturreformer i offentleg sektor. Effekt og tiltak skal evaluerast meir systematisk

1.3.3 Statsbudsjett 2019 – det økonomiske opplegget for kommunane

- Alle kommunane skal ha psykologkompetanse som er gjeldande frå 1. januar 2020. Dette er ikkje lagt inn i budsjettgrunnlaget då ein ikkje fann økonomisk dekning for tiltaket
- Regjeringa ønsker å styrke rekrutteringa og stabilitet i allmennlegetenesta med til saman 39 mill., kor 25 mill. er øyremerka
- Dagaktivitetstilbod for demente styrkast med 50 mill. Dette for å opprette 450 nye plassar, gjennom å auke tilskotssatsen frå 30 pst til 50 pst. Målet er å bygge ut tenestetilbodet før plikta for kommunane til å tilby eit dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens blir gjeldande frå 1 januar 2020.
- Heildøgns omsorgsplassar øyremerkast med 130 mill.
- Det skal innførast betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling i 2019.
- Gjennom rammetilskottet har regjeringa løyva 45,7 mill. til å utvide ordninga med gratis kjernetid til også å omfatte 2- åringar, i tillegg til 3-,4- og 5- åringar.
- I tillegg løyver regjeringa 10 mill. til nye studieplassar for barnehagelærarar, samt at maksimal foreldrebetaling aukar med 50 kroner per måned frå 1. august 2019. Hausten 2018 blei lærarnorma i grunnskolen innført. I 2019 foreslår regjeringa å vidareføre den øyremerka løyvinga til fleire lærarårsverk

1.3.4 Toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester


Formålet med toppfinansieringsordninga er å legge til rette for at kommunane kan gi eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester. Dette kan blant anna gjelde personar med psykisk utviklingshemming, fysisk funksjonshemma, personar med rusmiddelproblem og menneske med psykiske lidningar.

Det er foreslått ei innstramming ved å auke innslagspunktet med 50 000 kr utover lønnsveksten. Det nye innslagspunktet blir i 2019 kroner 1 320 000.

Kompensasjonsgraden er uendra på 80 pst.

1.4 Samanlikningstal


1.4.1 Brutto driftsinntekter per innbyggjar



Brutto driftsinntekter er dei samla kommunale driftsinntektene, og inkluderer alt frå skatteinntekter og rammetilskot, til alle slags sals- og leigeinntekter. Hareid kommune er ei låginntektskommune og har, som ein kan sjå, kr 3000 mindre i brutto driftsinntekt pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Basert på 5161 innbyggjarar svarar det til om lag 15,5 mill. kroner på heile befolkninga. Samanlikna med KOSTRA gruppe 10 var skilnaden på om lag 10,33 mill. kroner i 2016, medan skilnaden var tilnærma 0 i år 2017.

Frie inntekter er summen av rammetilskot, eigedomsskatt og inntektsskatt. Hareid har passert snittet for KOSTRA-gruppe 10, medan det er eit stykke opp til snittet i landet og fylket.

1.4.2 Brutto driftsutgifter per innbyggjar




Brutto driftsutgifter er dei samla driftsutgiftene, inkludert avskrivningar. Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar i kommunen viser einingskostnaden ved den totale kommunale verksemda og kan være ein produktivetsindikator. Figuren indikerer såleis at kommunen har produktivitet på linje med landssnittet.



Når det gjeld hovudprioriteringar ser ein at kommunen bruker størstedelen av den økonomiske kaka på barnehage og grunnskuleopplæring, og mindre enn andre på velferdstenester og kultur. Den demografiske utviklinga vil utfordre denne fordelinga, og kommunen må legge planar for korleis ein skal kunne ivareta tenestebehova til alle aldersgrupper i tida framover. Sjå kapittel om rammevilkår og prioriteringar for meir informasjon.

1.5 Organisasjonen Hareid kommune



Sektor for læring og kultur	Sektor for samfunnsutvikling	Sektor for velferd
- Kultur - Musikk- og kulturskule - Bibliotek - Ressurssenteret - Barnehage - Grunnskule	- Plan- byggesak og geodata - Kommunalteknikk - Kommunal eigedom: forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling – FDVU - Forankring for diverse interkommunale samarbeid som landbruk og brann - Soknet	- Helse- og koordinerende eining - Heimetenester - Institusjonstenester - Bu – og habiliteringsteneste - Sentralkjøkken - NAV - Forankring for interkommunalt samarbeid: Barnevern



Kommunen har frå 1.01.18 sektororganisering med tre kommunalsjefar med underliggende einingsleiarar. Ein assisterande rådmann er leiar for stab/støtte, og samstundes rådgjevar for rådmannen og kommunalsjefane. Rådmannen si leiargruppe er definert til assisterande rådmann og dei tre kommunalsjefane. Rådmannen har personalansvar for assisterande rådmann og kommunalsjefane. Assisterande rådmann har leiaransvar for staben. Økonomileiar møter i leiargruppa i saker av økonomisk karakter.

1.5.1 Samla oversikt årsverk med endring frå 2018 til 2019

Sektor	Årsverk pr. 1.10. 2018	Budsjettframlegg årsverk 2019
Sentraladministrasjonen	14,9	14,9
Velferd	128,69	129,19
Samfunnsutvikling	39,94	38,14
Læring og kultur	148,93	151,54
Samla årsverk	332,46	333,77
Differanse 2018-2019		1,31

Politisk leiing er ikkje inkludert i tabellen. Dette er ei rein administrativ oversikt.

Stillingane er her sortert etter det året vedtaket vart gjort for slik at stillingane som vart vedtatt for 2018, ligg på det året. Til dømes prosjektleiar og informasjons – og kulturkonsulent ligg på 2018. Sjå forklaring under den enkelte sektor.

1.5.2 Samanlikning i kroner og øre. Budsjett 2018 kontra konsekvensjustert budsjett 2019:

KONTOGRP	LÆRING OG KULTUR	SAMFUNSUTVIKLING	SENTRALADMINISTRASJONEN	VELFERD	Totalsum
Lønnsutgifter	3 308 116	1 675 619	10 355	1 082 072	6 076 162
Sosiale utgifter	1 352 226	494 924	-13 315	387 842	2 221 677
Totalsum	4 660 342	2 170 543	-2 960	1 469 914	8 297 839
Forholdstal	0,41	0,30	-1,29	0,36	0,37

Kommentar til tabellen:

- **Læring og kultur:** Her ligg ein auke i barnehageutgifter grunna auke i barnetalet. Ein sparer pengar på å ta barna inn i dei kommunale barnehagane kontra å betale refusjon til privat barnehage. Det er justert opp for ein budsjettfeil på kr 700 000 frå 2018-budsjettet. SLT-koordinator er overført frå velferd til læring og kultur. Høgare pensjonssats gir auka utgifter for denne sektoren
- **Samfunnsutvikling:** Her er stor grad av sjølvfinansierende tiltak
- **Sentraladministrasjonen:** Endring skyldast interne flyttingar
- **Velferd:** Auke skyldast intern flytting og NAV-tilsette. NAV var med som tiltak i 2018, men i år er det korrigerert for rette lønsutbetalingar.



1.5.3 Samla lønskostnad og lønsjustering:

KONTOGRP	B2018	B2019	B2019P	
Lønnsutgifter	191 673 104	197 749 266	207 343 040	
Sosiale utgifter	57 733 565	59 955 242	62 869 081	
Totalsum	249 406 669	257 704 508	270 212 121	DIFF
Auke		8 297 839	12 507 613	20 805 452

Kommentar til tabellen:

Lønsarka bygger på data frå før lønsauke i 2018 med berekna lønsauke på 2,8% i 2018.

Forventa lønsauke på 3% i mai 2019 (tilsvarande 2% auke for heile året)

Samla lønsauke er då $1,028 \cdot 1,02 = 4,9\%$

1.6 Kommunen sitt inntekspotensiale

Hareid kommune har henta ut mykje av inntekspotensialet på gebyr, men vil framleis ha kontinuerleg fokus på om vi ligg rett plassert her.

Når det gjeld eigedomsskatt er dette eit omstridt tema, men rådmannen finn ikkje dekning i budsjettet utan å legge inn ein auke her då dette er det potensialet vi ikkje har henta fullt ut. Ut frå politiske styringssignal var målet at administrasjonen skulle greie å finne budsjettbalanse utan å auke eigedomsskatten. Det har også vore prøvt å finne dekning med berre ein moderat auke, men utan å lykkast. I rådmannens framlegg er det ikkje lagt inn botnfrådrag, men sidan dette nok vil verte tema i budsjettdebatten tek eg med informasjon om dette her. Om ein skulle velje å gå for det må ein finne inndeckning for dette. Nytt av året er at eigedomsskattesatsen kan aukast med maks 1 promillepoeng per år.

1.6.1 Samanlikningstal

Ifølge nye tal frå SSB har 290 norske kommunar eigedomsskatt på bustad. Det er 7 fleire enn i 2017. Tromskommunen Karlsøy ligg på toppen av lista med ein skatt på 9360 kr for ein einebustad på 120 m². I den andre enden ligg Lillesand med 390 kr for den same bustaden. Med 422 kommunar i Norge er det framleis 132 kommunar som ikkje tek eigedomsskatt på bustad. Det er no 20 fleire kommunar enn i 2016. At auken frå 2017 til 2018 berre er på 7 kommunar skyldast ifølge SSB blant anna kommunesamanslåingar.

1.6.2 Botnfrådrag ved eigedomsskatt

Eigedomsskattelova gir heimel for å kunne gje bustad- og fritidseigedomar eit botnfrådrag. Dette er eit fast kronebeløp som vert trekt frå taksten før den endelege skatten vert berekna.



Eksempelet under viser korleis ei slik utrekning kan sjå ut.

Skattetakstnemndas verdivurdering						
Gruppe	Undergruppe	Identifikasjon	Antall	Pris	Faktorer	Beløp
Bygg	Enebolig		1	1 569 972	1 1	1 569 972
FG kr 1 962 466,00 x 0,8 = Takst kr 1 569 972,80						
Korreksjonsbidrag til takst:						1 569 972
Verdivurdering						
Sum sjablontakst		Vurderingsfaktor Indre		Vurderingsfaktor Ytre		Takst
1 569 972		x	1	x	1	1 569 972
Skattetakstnemndas vedtak om takst:						1 569 000
Kommunestyrets vedtak:		1 569 000	x 100%		=	1 569 000
Vedteke eigedomsskatt		1 569 000	x	2‰	=	3 138

På denne eigedomen vil eit botnfrådrag på 500 000 kr gi eit skattetakstgrunnlag på 1 569 000 kr – 500 000 kr = 1 069 000 kr. Eigedomsskatten vert følgjeleg senka frå 3 138 kr til 2 138 kr.

Det er ikkje fastsett verken nedre eller øvre grense for frådraget. Dersom det på enkelte bustadar vert høgare



2 SAMANLIKNINGSTAL


2.1 KOSTRA analyse:

KOSTRA står for Kommune-Stat-Rapportering og gir statistikk om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Ein finn tall om til dømes pleie- og omsorgstenester, barnehagedekning og sakshandsamingstid, og ein kan samanlikne kommunar med kvarandre, med regionale inndelingar og med landsgjennomsnittet. Kommunane er grupperte i 16 grupper, etter folkemengd og økonomiske rammevilkår. Det er gjort endringar i SSB sin statistikkbank. Dette gjer at det berre er mogleg å hente ut data for åra 2015 – 2017, og at nokre av tabellane som er nytta tidlegare ikkje blir oppdatert lengre. Dei tabellane som ikkje blir oppdatert meir er fjerna.

2.2 FINANSIELLE NØKKELTAL

Finansielle nøkkeltal i Kostra, gir eit oversyn over dei viktigaste finansielle rammevilkåra og dei viktigaste resultatindikatorane på eit overordna nivå. Nøkkeltala syner ein status og ei utvikling, men er i seg sjølve ikkje tilstrekkelige til å seie noko om kvifor situasjonen er slik han er. Dette fordrar meir inngående kjennskap til databasen, samt ein meir djuptpløyande analyse. Dei finansielle nøkkeltala er likevel gode indikatorar i høve det å kunne orientere seg om korleis kommunen sin situasjon er i høve andre kommunar og i høve objektive økonomiske måleparameter. Av omsyn til god oversikt vert berre grafane presenterte.


Brutto driftsinntekter per innbygger



Brutto driftsinntekter er dei samla kommunale driftsinntektene, og inkluderer alt frå skatteinntekter og rammetilskot, til alle slags sals- og leigeinntekter.


Hareid kommune er ei låginntektskommune og har, som ein kan sjå, kr 3000 mindre i brutto driftsinntekt pr. innbygger enn landsgjennomsnittet. Basert på 5161 innbyggerar svarar det til om lag 15,5 mill. kroner på heile befolkninga. Samanlikna med Kostragruppe 10 var skilnaden på om lag 10,33 mill. kroner i 2016, medan skilnaden var tilnærma 0 i år 2017.

Frie inntekter per innbygger



Frie inntekter er summen av rammetilskot, eigedomsskatt og inntektsskatt. Hareid har passert snittet for KOSTRA-gruppe 10, medan det er eit stykke opp til snittet i landet og fylket.


Brutto driftsutgifter per innbygger



Brutto driftsutgifter er dei samla driftsutgiftene, inkludert avskrivningar. Brutto driftsutgifter pr. innbygger i kommunen viser einingskostnaden ved den totale kommunale verksemda og kan være ein produktivetsindikator. Figuren indikerer såleis at kommunen har produktivitet på linje med landssnittet.




Brutto resultatgrad




Brutto driftsresultat er resultatet *før* dekning av kommunen sine rente- og avdragsutgifter, inntekter i form av utbytte og renter, samt eventuelle avsetninger og egenfinansiering av investeringar. Avskrivningar påverkar også brutto driftsresultat. Omgrepet kan i stor grad samanliknast med "driftsresultat" i resultatoppstillinga til bedrifter med rekneskapsplikt etter rekneskapslova. I 2017 syner grafen at kommunen sin brutto resultatgrad er mye lågare enn dei seinare åra.

Netto resultatgrad




Netto driftsresultat brukast av Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU) som ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren. Netto driftsresultat er eit mål på kor mykje kommunane sit igjen med av driftsinntekter etter at driftsutgifter, netto renter og avdrag er betalt. Målt i prosent av driftsinntektene uttrykker netto resultatgrad kor stor del av dei tilgjengelege driftsinntektene kommunane kan disponere til avsetningar og investeringar. Fylkesmannen si anbefaling er at netto resultatgrad bør ligge på minimum 1,75% av driftsinntektene. For 2017 ser vi at det er langt opp til denne anbefalinga.

Netto gjeldsgrad



Netto gjeldsgrad syner kor stor del kommunen si langsiktige gjeld, ekskl. pensjonsforpliktingar, utgjer av kommunen si brutto driftsinntekt. Y-aksen i grafen syner prosentdel. Gitt den stabile renta tyder dette på ei stabil dreining mot ei realvekst av tilgjengelege disponible midlar for tenesteproduksjon.

Arbeidskapital ex premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt




Arbeidskapital definerast som differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, og er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Arbeidskapitalen uttrykker derfor den delen av omløpsmidlane som er finansierte med langsiktig kapital (langsiktig gjeld og eigenkapital). Med likviditet meinast evne til å betale forpliktingane etter kvart som de forfell. Premieavvik vil vere ei kunstig inntekt og vert difor halden utanfor i berekninga.




2.3 DEMOGRAFI OG FOLKETAL:

Desse grafane vert tatt med for å syne korleis den aldersmessige samansetninga har variert i befolkninga over tid. Desse faktorane påverkar mellom anna storleiken på rammetilskotet til kommunen. Då basert på siste relevante statistikk. Prognoser for framskriving av folkemengda kan elles vere viktige med omsyn til den langsiktige planlegginga i høve kommunen sitt framtidige tenestetilbod.


Del einslige innbyggjarar 80 år og over




Del innvandrarbefolkning




Del skilte og separerte 16-66 år



Del uførepensjonistar 16-66 år



Fødslar per 1000 innbyggjarar




2.4 HOVUDPRIORITERINGAR:

Grafane ovanfor har synt nokre viktige økonomiske rammevilkår som inntekts- og utgiftsnivå, gjeldsgrad, produktivitet, økonomiske resultat, samt demografiske utviklingstrekk. Grafane nedanfor syner korleis kommunen prioriterer mellom tenesteområda, samanlikna med eit relevant utval. Grafane seier ingenting om kvifor det er slik. Ein kan heller ikkje sjå om «det har blitt slik» eller om det er politisk styrt ut frå lokale føresetnader. Grafane seier altså litt om kor stor del av det økonomiske «kakestykket», **netto driftsutgifter**, som delast ut til det einiskilde tenesteområdet, men ingenting om kvaliteten i tenestene


Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som m.a. inneheld øyremerka tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekt frå. Dei resterande utgiftene må dekkast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten mv. Netto driftsutgifter pr. innbyggjar kan vere en prioriteringsindikator.

Ein ser her at kommunen bruker størstedelen av den økonomiske kaka på barnehage og grunnskuleopplæring, og mindre enn andre på velferdstenester og kultur. Den demografiske utviklinga vil utfordre denne fordelinga, og kommunen må legge planar for korleis ein skal kunne ivareta tenestebehova til alle aldersgrupper i tida framover.


Del netto driftsutg. barnehage av netto driftsutg. i alt




Del netto driftsutg. grunnskuleopplæring av netto driftsutg. i alt




Del netto driftsutg. pleie og omsorg av netto driftsutg. i alt



Del netto driftsutg kultur av netto driftsutg. i alt



Del netto driftsutg. kommunehelse av netto driftsutg. i alt



3 ØKONOMISKE PERSPEKTIV

3.1 Finans


3.1.1 Økonomiske nøkkeltal

(kjelde: Finansrapport pr. 30. sept. 2018 – Bergen Capital Management)


Nøkkeltal		Forklaring
Total lånegjeld	Kr. 393 430 695	Viser samla lånegjeld ved utløpet av rapporteringsperioden. Inkluderer startlån i Husbanken, lån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt og verdipapirmarknaden.
Rentebindingstid	0,95 ÅR	Måltallet angir porteføljen si vekt gjennomsnittlige rentebindingstid. Talet viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjonar i porteføljen er fast, når ein tar omsyn til alle kontantstrømmer (rentebetalningar, avdrag og hovudstol). Dersom ei låneportefølje utan avdrag og årlege rentebetalningar har durasjon på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.
Vekta gjennomsnittrente	1,48 %	Måltallet angir porteføljen si vekt gjennomsnittlige kupongrente, effektiv rente vil avvike noko. Ved samanlikning mot referanserente må det takast omsyn til durasjon og rentesikringsstrategi.
Kapitalbinding	3,68 ÅR	Måltallet angir porteføljen si vekt gjennomsnittlige kredittbinding. Talet viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt. Jo høgare tal, desto mindre refinansieringsrisiko har kommunen når alt anna er likt.

3.1.2 Fordeling rentebinding

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Lån med fast rente:		
Rentebinding > 1 år	98 000 000	24,91 %
Rentebinding < 1 år	232 157 000	59,01 %
Sum rentebinding	330 157 000	83,92 %
Flytande rente (p.t. vilkår)	63 430 695	16,08 %
SUM	393 430 695	100,00 %




3.1.3 Utvikling i gjennomsnittrente



Porteføljen og marknadsrenter (Rentene er justerte for kredittmargin (påslag), og indikerer derfor faktiske lånerenter for angitt løpetid)

3.1.4 Utvikling av lånegjeld



Hareid kommune nyttar ekstern finansrådgjevar og mottar månadlege finansrapportar. Strukturen på låneporteføljen samt behov for refinansiering av eksisterande lån vert bestemt på bakgrunn av råd frå den eksterne rådgjevaren. På bakgrunn av kommunestyrevedtak desember 2017 tok kommunen opp eit sikra lån over tre år på 98 mill. kroner. Strategien har vore å sikre den lågast mulege lånerenta til ein kvar tid, utan å gjere kompromiss i høve risikoen. Noregs bank auka renta i september og det er signalisert ytterlegare aukeingar. Det er derfor forventat at kommunens rentekostnader vil stige i tida som kjem.

Som ein kan sjå av grafisk framstilling i KOSTRA-analyse i tidlegare kapittel, har Hareid kommune eit inntektsnivå som ligg lågare enn landsgjennomsnittet. Rådmannen peikar på at kommunen bør vise varsemd med å legge opp til ytterlegare auke i lånegjelda.

Varsemdsprinsippet er følgd i rådmannen sitt framlegg til budsjett og handlingsprogram, så langt ein finn det muleg. Behov for utbygging av mellom anna helsehus gjer at kommunen må nytte meir frie midlar til å dekke rentar og avdrag på lån enn før. Dette gjer at det vert mindre disponible frie inntekter for bruk til velferdsgode på driftssida.

3.2 Eigedomsskatt

Hareid kommune innførde eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringsseigedom, i 2014. Kommunen nytta skatteetaten sitt grunnlag for likningsverdi i høve bustader, mens dei andre skatteobjekta vart takserte av kommunen sjølv. Det å kunne nytte skatteetaten sitt grunnlag for likningsverdi inneber at det vert enklare for kommunane, og gjer også at klagehandsaminga i høve dette grunnlaget, vert ei sak mellom innbyggjar og likningsmyndigheiter. Skattesatsen på 2 promille vart vidareført på same nivå i 2018, men rådmannen har for budsjett økonomiplanperioden 2019 – 2022 lagt til grunn at skattesatsen skal endrast. Det vert difor budsjettet med denne endringa og dette er lagt til grunn ved budsjettsalderinga.



3.2.1 Eigedomsskatt i kommunane

I følge SSB er det i skrivande stund 370 av Norges kommunar som nyttar seg av eigedomsskatt, mot 366 året før. Av desse har 254 kommunar eigedomsskatt i heile kommunen, mot 253 kommunar i fjor. 62 kommunar har eigedomsskatt berre på verk og bruk, mens 6 kommunar har eigedomsskatt på verk, bruk og område bygd ut på byvis. Kommunane fikk til saman inn 13,6 milliardar kroner i 2016, noko som representerer ein vekst på 10,6%.

3.3 Statsbudsjettet

For Hareid kommune er det anslått at den korrigerte veksten i frie inntektene vil vere på 4,1% frå 2018 til 2019 (Grønt hefte 2019). Denne veksten skal dekke kommunen si auke i kostnader til lønsvekst, pensjonskostnader, fleire innbyggjarar m.m..

Samla sett utgjer rammetilskotet til kommunane 137 milliardar kroner. Fylgjande oversyn er henta frå Grønt Hefte og alle tal er i heile 1000 kr.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar*		Framlegg 2019 (1 000 kr)
Post 60	Innbyggjartilskot	131 734 299
Post 61	Distriktstilskot Sør-Noreg	860 407
Post 62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 199 842
Post 64	Skjøntilskot	1 237 000
Post 65	Regionsentertilskot	200 000
Post 66	Veksttilskot	231 934
Post 67	Storbytilskot	508 768
Sum kap. 571		136 972 250

* Post 21 Kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet er ikkje rekna med.

3.4 Finansiering av kommunesektoren (NB! 2011)


Hovudkjeldene for finansiering av kommunesektoren er skatteinntekter, overføringar frå staten og gebyrinntekter. Skatteinntekter er den største inntektskjelda. I hovudsak er dette inntektskatt frå personlege skattytarar i kommunen. I tillegg kjem eigedomsskatt, som kommunane kan vedta på frivillig basis, og skatteinntekter frå kraftproduksjon. Stortinget vedtek skattereglane som definerer skattegrunnlaget for kommunesektoren. Skatt på alminneleg inntekt frå personlege skattytarar blir fordelt mellom staten, kommunane og fylkeskommunane. Fordelinga mellom dei tre forvaltningsnivåa blir bestemt av den kommunale og fylkeskommunale skattøyren, ein fordelingsnøkkel som årleg blir fastsett av Stortinget i samband med handsaminga av statsbudsjettet.

Overføringane frå staten kan delast inn i to hovudkategoriar: rammetilskot og øyremerkte tilskot. Rammetilskot skal tildelast kommunesektoren utan andre vilkår enn det som følgjer av krav til oppgåveløysinga i lov og forskrift. Det inneber at kommunane kan gjere egne prioriteringar for bruken av rammetilskot. Rammetilskota blir løyvde over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett. Saman med skatteinntektene utgjer rammetilskot *frie inntekter* for kommunesektoren.

Til øyremerkte tilskot er det knytt vilkår om at midlane skal brukast til nærare bestemte føremål. Øyremerkte tilskot blir løyvde over budsjettet til dei ulike fagdepartementa, avhengig av kva for saksområde tilskotet gjeld.



Gebyrinntekter er betaling frå innbyggjarane i kommunen knytte til kommunale tenester, som til dømes barnehagar, pleie- og omsorgstenester og tekniske tenester. Hovudregelen er at kommunen ikkje kan ta meir betalt enn kostnaden ved å tilby tenesta (sjølvkost). Om lag $\frac{3}{4}$ av dei samla inntektene er skatteinntekter og rammetilskot, medan om lag 15 prosent er gebyrinntekter og liknande. Dei øyremerkte tilskota utgjorde i 2011 fem prosent av inntektene, mot om lag 12 prosent i 2010. Årsaka til reduksjonen frå 2010 til 2011 er innlemming av øyremerkte tilskot til barnehagar i rammetilskotet.



Kommunane har relativt lite rom for å påverke storleiken på inntektene. Eit viktig unntak er eigedomsskatten. Gjennom skattereglar og skattøyre, rammeløyvingar og øyremerkte løyvingar fastset staten langt på veg nivået på inntektene til kommunane. Difor er det særskild viktig at det er samsvar mellom dei oppgåvene kommunane har ansvaret for, og dei ressursane som blir stilte til disposisjon. Det gjeldande finansieringsprinsippet er at kommunane skal kompenseras fullt ut for meirutgiftene når dei blir tillagde nye oppgåver, og ved endringar i regelverk eller andre endringar som inneber meirutgifter. Tilsvarende skal inntektsrammene til kommunane reduserast dersom dei blir avlasta for oppgåver.



4 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL ÅRSBUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2020 – 2022 – DRIFT

Rådmannen presenterer her framlegget til driftsbudsjett, med dei prioriteringane som rådmannen har lagt til grunn. Innmelde tiltak som rådmannen ikkje fann rom til, vert presenterte i eige vedlegg. Dei driftstiltaka som rådmannen har lagt inn i budsjettframlegget er nærare omtala i sektorkapitla. Og alle tiltaka, enten dei er prioriterte av rådmannen eller ikkje, er identifiserte med ID-kode. Meininga er å letta kommunestyret si handsaming, i samband med eventuelle endringar.

Betalingssatsar ligg føre i separat vedlegg.

4.1 Driftsbudsjett

4.1.1 Budsjettskjema 1A

	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Skatt på inntekt og formue	-120 422	-135 021	-129 006	-129 006	-129 006	-129 006
Ordinært rammetilskudd	-156 634	-151 464	-169 451	-169 451	-169 451	-169 451
Skatt på eiendom	-6 628	-7 370	-10 634	-14 634	-18 883	-19 494
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0	0	0
Andre generelle statstilskudd	-18 464	-13 245	-11 600	-11 600	-11 600	-11 600
Sum frie disponible inntekter	-302 149	-307 100	-320 691	-324 691	-328 940	-329 551
Renteinntekter og utbytte	-2 499	-2 874	-2 924	-2 924	-2 924	-2 924
Gevinst på finansielle instrumenter	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter provisjoner og andre finansutgifter	5 126	8 062	10 564	12 550	13 097	12 968
Tap på finansielle instrumenter	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	12 773	14 092	16 167	20 692	22 830	23 482
Netto finansinntekter/-utgifter	15 400	19 280	23 807	30 318	33 003	33 526
Dekning av tidl års regnsk m merforbruk	0	0	0	0	0	0
Til bundne avsetninger	10 591	2 081	0	0	2 365	2 786
Til ubundne avsetninger	5 885	1 126	998	998	998	998
Bruk av tidl års regnsk m mindreforbruk	-10 306	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	-7 375	-2 856	0	0
Bruk av bundne avsetninger	-3 273	-1 696	-3 559	-2 959	-2 959	-2 459
Netto avsetninger	2 897	1 511	-9 937	-4 818	404	1 325
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0	0	0	0
Til fordeling drift	-283 851	-286 309	-306 820	-299 191	-295 534	-294 701
Sum fordelt til drift fra skjema 1B	283 851	286 309	306 820	299 191	295 534	294 701
Merforbruk/mindreforbruk	-	-	-	-	-	-

Tabellen er i 1000 kroner med løns- og prisframskriving for 2019. Kolonnane for 2020, 2021 og 2022 er i 2019-kroner. (eigedomsskatten er basert på auke i verdigrunnlag og volum, i tillegg legg rådmannen opp til ei auke i promillesatsen). Denne tabelloppstillinga er obligatorisk og gjev ei samla oversikt over alle utgifter og inntekter knytt til drifta.

Ein viktig del av innhaldet i denne oppstillinga gjeld finansområdet som ikkje er vist og kommentert i sektorområda, og finansområdet vert derfor presentert her..



4.1.2 Finansområdet

Dette er ikkje ein sektor i tradisjonell forstand, men eit område som fangar opp overordna finansielle utgifter og inntekter som ikkje ligg inne i dei tenesteproduserande sektorane. Her vert ført generelle inntekter knytt til skatt, rammeoverføringar frå staten, diverse tilskot, renteinntekter og –utgifter, avdrag på lån mv.

Nettoinntektene på denne sektoren skal dekkje opp nettoutgiftene for administrasjon og tenesteproduksjon innan dei ordinære sektorane

Rådmannen sitt forslag til budsjett for finansområdet:

Konto Kontonamn	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
10901 Pensjon premieavvik	-799	-5 150	-6 560	-6 560	-6 560	-6 560
10991 Arbeidsgjevaravgift premieavvik	-113	-727	-762	-762	-762	-762
11302 Banktenester og gebyr	23	0	0	0	0	0
12700 Konsulenttenester	12	0	0	0	0	0
14290 Moms generell kompensasjonsordning	3	0	0	0	0	0
14701 Tap på krav	570	35	35	35	35	35
15000 Renteutgifter	4 796	7 671	10 223	12 209	12 756	12 627
15001 Morarenter	0	1	1	1	1	1
15100 Avdrag på lån	12 773	14 090	16 165	20 689	22 828	23 479
15400 Avsetning til disposisjonsfond	10 591	2 081	0	0	2 365	2 786
15901 Kalkulatoriske renter og avdrag	-1 562	0	0	0	0	0
Sum utgifter	26 294	18 001	19 101	25 611	30 662	31 605
16900 Fordelte utgifter/Internsalg	0	0	-700	-1 458	-1 942	0
17000 Refusjon frå staten	-6 422	0	0	0	0	0
17290 Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-3	0	0	0	0	0
18000 Rammetilskot	-131 751	-137 703	-149 143	-149 143	-149 143	-149 143
18001 Inntektsutjamning	-24 882	-13 761	-20 308	-20 308	-20 308	-20 308
18100 Statstilskot	-7 543	-13 145	-11 500	-11 500	-11 500	-11 500
18700 Skatt på inntekt og formue	-120 422	-135 021	-129 006	-129 006	-129 006	-129 006
18750 Eigedomsskatt bustadar og fritidseigedomar	-6 628	-7 370	-10 634	-14 634	-18 883	-19 494
19000 Renteinntekter	-260	-300	-300	-300	-300	-300
19001 Renteinntekt bankinnsk. overf. bundne fond	53	0	0	0	0	0
19003 Morarenter	-87	-30	-30	-30	-30	-30
19050 Utbytte, aksjer o.l.	-1 808	-2 201	-2 201	-2 201	-2 201	-2 201
19300 Disponering av rekneskapsmessig overskot	-10 306	0	0	0	0	0
19400 Bruk av disposisjonsfond	0	0	-7 375	-2 856	0	0
19900 Motpost avskrivninger	-3 127	-3 086	-3 086	-3 086	-3 086	-3 086
19901 Motpost kalk. renter og avdrag	0	-1 413	-1 413	-1 413	-1 413	-1 413
Sum inntekter	-313 187	-314 030	-335 696	-335 935	-337 812	-336 481
Netto	-286 893	-296 030	-316 596	-310 324	-307 151	-304 876

4.1.3 Kommentar til nokre av postane

4.1.3.1 Netto premieavvik

Sjå kapitlet «Økonomiske perspektiv»..

Netto premieavvik som blir ført på finansområdet, er ikkje kommentert andre stadar i budsjettforslaget og blir gjort her.

I år har rådmannen vald å gå bort i frå praksisen med å avvike frå dei prognosane som KLP og Statens pensjonskasse har utarbeida. Dette medfører ei viss auke i budsjetttramma i forhold til tidlegare år, men det er også forbundet risiko med å gjere dette. Premieavviket har dei seinaste åra hatt relativt store negative avvik sett opp mot budsjett, men det er ein viss korrelasjon mellom eit negativt avvik i premieavviket, og eit positivt avvik i sjølve pensjonskostnaden som førast på einingane. Samla sett har avviket tidlegare vært lågare



enn om ein berre ser på premieavviket isolert, dersom prognosane ikkje skulle holde. Det er rett nok ikkje nokon garanti for at denne samanhengen vil gjelde i 2019 også.

Med bakgrunn i data frå KLP og Statens pensjonskasse vil resultatet for 2019 bli slik:
Tal i 1000 kr

Premieavviki KLP (skriv av 19.9.2018 frå KLP om m.a.beregning av budsjett for 2019)	-10 557
Premieavvik Statens pensjonskasse (skriv av 14.9.2018 frå SPK)	241
Sum premieavvik	-10 316
Amortisering av tidlegare års premieavvik KLP	3 948
Amortisering av tidlegare års premieavvik SPK	-193
Sum amortisering	3 755
Netto premieavvik	-6 561
Avbeidsgjevaravgift 14,1%	-762
Netto premieavvik inkl arbeidsgjevaravgift	-7 323

4.1.3.2 Tap på krav

Det blei i 2017 satt av eit tap på krav i rekneskapet. Tapet er ikkje realisert, men forklarar kvifor det er eit så stort beløp i 2017. Ved framtidige tap kan dette eventuelt reknast mot avsettinga frå 2017, gitt at det er rom for å redusere avsettinga i framtida basert på samansettinga av kommunens skyldnarar.

4.1.3.3 Renteutgifter

Denne posten omfattar:

Renter på kommunens lånemasse.

Budsjettforslaget er basert på ei gjennomsnittsrenter på 1,7% av ei lånemasse på 602 mill. kr ved slutten av året. I dette grunnlaget ligg ein nettoauke av lånemassen for 2019 (nye lån minus avdrag på lån) på om lag 209 mill. kroner. Samla gjev dette ein rentekostnad på 10,2 mill. kroner på eksisterande lånegjeld.

4.1.3.4 Avdrag på lån

I budsjettet for 2019 er det sett opp om lag 16,2 mill. kroner til låneavdrag. Dette ein auke på om lag 2 mill. kroner. Dette må sjåast i samanheng med auka lånemasse som følgje av økte investeringar.

Som ein ser er det ei sterk auke i renteutgifter og avdrag på lån i økonomiplanperioden. Samla effekt på drifta utgjer;

26,4 mill. kr (2019), 32,9 mill. kr (2020), 35,6 mill. kr (2021), 36,1 mill. kr (2022). Samla auke i finanskostnader som følgje av dei tiltaka som er vald inn utgjer 15,8 mill. kroner i 2022.

4.1.3.5 Avsetning til disposisjonsfond

Kommunen har eit sterkt behov for å ha ein buffer for negative budsjettavvik og uføresette hendingar både på utgifts- og inntektssida. Det er dessverre ikkje rom for å sette av til disposisjonsfond i 2019 og 2020, men ein tek sikte på å sette av vel 2 mill. kroner årleg i frå 2021. I 2019 og 2020 er det naudsynt å bruke midlar frå fond, sjå konto «Bruk av disposisjonsfond». Rådmannen budsjetterer med å bruke 7,4 og 2,9 mill. kroner av fondet i 2019 og 2020. Samla utgjer dette 10,3 mill. kroner. Ein reknar med å unngå bruk av fond i 2018, sjølv om det er budsjettert å bruke eit par hundre tusen kroner. Fondet utgjer 14,7 mill. kroner, og det vil da stå att ca. 4,4 mill. kroner ved årsslutt 2020. Om ein følger budsjettet vil ein etter år 2022 ha ca. 9 mill. i fondsmidlar.



4.1.3.6 Rammetilskot inkl. inntektsutjamning og ordinært skjønstilskot samt skatt på inntekt og formue

I forslaget til statsbudsjett i Grønt hefte som inneheld alle føresetnadane for rammetilskot, utgiftsutjamning, inntektsutjamning og ordinært skjønstilskot, er det lagt til grunn i prognosen eit folketal i Hareid kommune på 5 161 innbyggjarar per 1.7.2018. Rådmannen trur føresetnadane i Grønt hefte er realistiske for Hareid med omsyn til folketalet.

4.1.3.7 Fordelte utgifter/internsal

Dette er renter knytt til byggelån. Rekneskapsstandarden opnar for at ein kan investere desse, på tomtar som er under utvikling. Når tomte er klar til sal, vil desse rentene gå i drifta. Det er derfor særskilt viktig å selje tomtene så fort som mogleg. Som ein ser utgjør dette 2 mill. kroner i 2021. Eit eventuelt overskot vil ikkje gi direkte effekt på drifta, men kan settast av på investeringsfond som kan redusere framtidige låneopptak.

4.1.3.8 Skatt på eigedom

Utrekningane er basert på dette grunnlaget:

3 935 400 Omsetningsverdi (formuesgrunnlag) i tusen kroner nytta i 2018 for utrekning av eigedomsskatt basert på likningsverdi for 2016
 1 999 Tal på bustadar skattelagt med bakgrunn i likningsverdi
 1 968 684 Gjennomsnittleg omsetningsverdi pr bustad basert på likningsverdi
 270 000 Omsetningsverdi for eigedomar med fastsett verdi etter taksering
 20 000 Verdi av nybygg pr m2 (grunnlag for utrekning av skattegrunnlag for ny bustadmasse)
 1 000 Årleg vekst i m2 for ny bygningsmasse
 13 000 Verdigrunnlag for bygg pr m2 ved taksering av eksisterande bygningsmasse
 80 % skattegrunnlagsfaktor for eigedomar basert på likningsverdi (reduksjonsfaktor)
 Omsetningsverdi etter taksering gjev ingen reduksjon i skattegrunnlaget
 3,5 % årleg auke i likningsverdi
 Ingen auke i kostnader knytta til forvaltning av eigedomsskatteordninga (oppdatering eigedomsmasse, vedlikehald av system og innkreving)

Skattegrunnlag (tal i tusen kroner)

	B2018	B2019	B2020	B2021	B2022
Skattegrunnlag basert på likningsverdi	3 935 400	3 935 400	4 073 139	4 215 699	4 363 248
Årleg auke i skattegrunnlaget basert på likningsverdi	0	137 739	142 560	147 549	152 714
Auke i skattegrunnlag pga netto nybygging	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Sum skattegrunnlag basert på likningsverdi utan lovregulert reduksj	3 955 400	4 093 139	4 235 699	4 383 248	4 535 962
Skattegrunnlag basert på taksering	270 000	270 000	270 000	270 000	270 000
Skattegrunnlag basert på likningsverdi med lovregulert reduksjon	3 164 320	3 274 511	3 388 559	3 506 599	3 628 770
Sum skattegrunnlag	3 434 320	3 544 511	3 658 559	3 776 599	3 898 770

Her er vist konsekvensane for storleiken på eigedomsskatten med alternative promillesatsar

Eigedomsskatt, ingen auke frå dagens 2 promille

Skattesats promille	2,00	2,00	2,00	2,00	2,00
Utligna eigedomsskatt	6 914	7 089	7 317	7 553	7 798

Eigedomsskatt, auke til 2,5 promille

Skattesats promille	2,00	2,50	2,50	2,50	2,50
Utligna eigedomsskatt	6 914	8 861	9 146	9 441	9 747

Eigedomsskatt, auke til 3 promille

Skattesats promille	2,00	3,00	3,00	3,00	3,00
Utligna eigedomsskatt	6 914	10 634	10 976	11 330	11 696

Eigedomsskatt, auke til 3 promille, så årleg auke med 0,5 promille

Skattesats promille	2,00	3,00	3,50	4,00	4,50
Utligna eigedomsskatt	6 914	10 634	12 805	15 106	17 544

Eigedomsskatt, auke til 3 promille, så årleg auke med 1 promille

Skattesats promille	2,00	3,00	4,00	5,00	5,00
Utligna eigedomsskatt	6 914	10 634	14 634	18 883	19 494



:Konsekvensar for ein enkelt bustad:

Skattesats promille	2,00	2,50	3,00	3,25	4,00
Egedomsskatt i kr for bustad på 120 m ² P-ROM, Hareid kommune basert på takseringsgrunnlag	2 496	3 120	3 744	4 056	4 992

Samanlikningar med andre:

	2017
0111 Hvaler	5000
1449 Stryn	2700
1502 Molde	6900
1535 Vestnes	5760
1554 Averøy	6580
1563 Sunndal	2200

Med bakgrunn i investeringsbehovet som er avdekka finn rådmanen det naudsynt å fremme ein auke på 1 ‰ i skattesatsen frå 2,0 til 3,0 ‰ for 2019. Deretter aukast satsen årleg med 1 ‰. I 2022 det ikkje lagt inn ei auke utover 5 ‰. Rådmannen reknar med dette blir høgste tillate sats. I tillegg oppnår man ved å effektivisere drifta balanse i 2022. Det er naudsynt å auke skatten fordi investeringane får større konsekvens på drifta jo lenger ut i økonomiplanperioden man kjem.

4.1.3.9 Generelle statstilskot

Inntekta førast i sin heilhet på finansområdet. Det er teke høgde for ti nye flyktningar busett i Hareid i 2019 i budsjettet. Totalt utrekna beløp utgjør då 11 500 000.

4.1.3.10 Generelle renteinntekter på konti

Ein har vald å ikkje justere på budsjettbeløpet frå 2018 og budsjettposten på 300 000 kr står i 2019.

4.1.3.11 Morarenter

Dette er kostnader forbundet med purringar sendt frå kommunen.

4.1.3.12 Utbytte på aksjar og liknande.

Utbytte frå Tussa-aksjane i 2019 er utdelt utbytte frå selskapet for 2018. Hareid kommune eig 201 aksjar i selskapet eller 6,63% av aksjekapitalen.

Utbytte i 2018 (basert på 2017 resultatet til Tussa) ble i tråd med budsjett 2,2 mill. kr. Vi føresett at utbytte blir uendra i 2019.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal kome med framlegg til nye retningslinjer for mellom anna aksjeutbytte hos Tussa. Det er derfor ein sjans for at dette beløpet må justerast ned i framtidige budsjettframlegg.

4.1.3.13 Motpost avskrivingar

Dette gjeld motpost til avskrivingar for dei sjølvfinansierende områda vassforsyning og avløp. Rekneskapsføringa her er reint teknisk for å nulle ut ei kalkulatorisk avskriving. Det er nytta same beløp som kjem fram under dei tilsvarende utgiftspostane under sjølvfinansierende ansvarsområde.

**4.1.3.14 Motpost kalk. renter og avdrag**

Her gjeld det same som for avskrivingar, dvs. ei rekneskapsteknisk føring for å nulle ut ei tilsvarande utgiftsføring på områda for vassforsyning og avløp. Det er nytta same beløp som kjem fram under dei tilsvarande utgiftspostane under sjølvfinansierende ansvarsområde.

4.1.3.15 Overført til investeringsregnskapet

Det er ikkje føresett overført driftsmidlar til investeringsbudsjettet. Tidlegare var det her avsett midlar til dekning av eigenkapitalinnskott i KLP, men det er til dette formålet no føresett bruk av ubundne investeringsfond (kan ikkje bruke lån som finansieringskjelde).

4.1.3.16 Sum til fordeling drift.

Dette er netto driftsutgifter for finansansvaret. Det er ikkje same talet som i skjema 1A. Det er fordi kommunen fører på konti som inngår i skjema 1A på andre ansvar enn finansansvaret. I tillegg fører kommunen på konti som inngår i skjema 1B på finansområdet også. Samla sett vil derfor ikkje netto driftsutgifter for finansområdet være likt med skjema 1A.



4.1.4 Budsjettskjema 1B - Netto bindande budsjettramme for resultateiningane

Tal i 1000 kroner

Sektor	Resultateining	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
SENTRALADMINISTRASJON	IKT-AVDELING	1 319	756	756	756	756	756
	PERSONALAVDELING	2 453	3 078	3 361	3 361	3 361	3 361
	POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 418	2 435	2 753	2 457	2 737	2 462
	RÅDMANN	2 789	2 613	3 269	769	-1 231	-3 231
	SERVICETORGET	5 096	4 375	5 089	5 089	5 089	5 089
	ØKONOMIAVDELING	3 464	3 777	3 694	3 694	3 694	3 694
SENTRALADMINISTRASJONEN Totalt		17 539	17 034	18 923	16 126	14 406	12 131
LÆRING OG KULTUR	BIBLIOTEK	1 522	1 527	1 592	1 592	1 592	1 592
	BIGSET BARNEHAGE	7 645	7 373	9 658	9 658	9 658	9 658
	BIGSET SKULE	9 369	9 721	10 576	10 576	10 576	10 576
	HAREID BARNEHAGE	3 808	3 473	3 767	3 767	3 767	3 767
	HAREID MUSIK- OG KULTURSKULE	2 000	2 341	2 545	2 545	2 545	2 545
	HAREID SKULE	22 871	25 838	25 200	25 200	25 200	25 200
	HAREID UNGDOMSKULE	23 409	23 157	24 352	24 352	24 352	24 352
	HJØRUNGAVÅG SKULE	7 490	8 584	9 253	9 253	9 253	9 253
	KULTURKONTOR	771	614	942	1 163	1 163	1 163
	KULTURTILTAK	1 276	1 179	1 193	1 193	1 193	1 193
	OPPVEKSTKONTOR	31 642	34 597	35 038	35 038	35 038	35 038
	RESSURSSENTER	7 818	8 538	8 491	8 541	8 541	8 541
	SYVERPLASSEN BARNEHAGE	6 523	7 027	9 397	9 397	9 397	9 397
LÆRING OG KULTUR Totalt		126 141	133 969	142 004	142 275	142 275	142 275
SAMFUNSUTVIKLING	BRANNVERN	5 846	5 732	6 164	6 170	6 170	6 170
	BYGG	15 596	9 736	14 714	9 626	8 173	8 173
	KOMMUNAL TEKNIKK	9 530	6 793	6 938	6 938	6 938	6 938
	NÆRINGSTILTAK	-637	579	583	583	583	583
	PLAN, BYGGESAK OG GEODATA	3 240	3 710	3 976	3 851	3 851	3 851
	SAMFUNSKONTOR	2 284	4 180	3 241	4 101	4 101	4 101
	SJØLVKOSTOMRÅDE	-387	837	2 627	2 027	2 027	1 527
	TRUSAMFUNN	4 446	4 185	4 185	4 185	4 185	4 185
SAMFUNSUTVIKLING Totalt		39 918	35 751	42 429	37 482	36 029	35 529
VELFERD	BARNEVERN OG SOSIALKONTOR	11 628	11 055	12 464	12 464	12 464	12 464
	BU- OG HABILITERING	16 977	17 069	17 101	17 101	17 101	17 101
	HEIMETENESTE EINING 1	14 452	13 396	15 327	15 327	15 327	15 327
	HEIMETENESTE EINING 2	6 534	6 678	5 763	5 763	5 763	5 763
	HELSE OG KOORDINERANDE EINING	18 023	17 545	19 322	19 922	19 922	19 922
	KJØKKEN	4 090	3 763	3 881	3 881	3 881	3 881
	NAV-KOMMUNE	5 521	5 920	5 992	5 992	5 992	5 992
	SKJERMA EINING	9 659	9 143	9 642	9 642	9 642	9 642
	SOMATISK EINING	19 498	18 939	19 698	19 698	19 698	19 698
	VELFERDSKONTOR	5 290	6 387	6 761	6 761	6 761	6 761
VELFERD Totalt		111 672	109 896	115 952	116 552	116 552	116 552
FINANS	FINANS	-11 419	-10 341	-12 487	-13 245	-13 729	-11 787
FINANS Totalt		-11 419	-10 341	-12 487	-13 245	-13 729	-11 787
Totalsum		283 851	286 309	306 820	299 191	295 534	294 701

4.1.5 Kommentar til 1B

Endringar i høve til budsjett 2017 er vist og kommentert i dei einskilde sektordelane. Her er det og oversikt over løns- og prisstigning, konsekvensjustering, og nye tiltak.

I vedleggsdelen til budsjettet er vist alle endringar på ansvarsnivå.



5 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL ÅRSBUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2020 - 2022 – INVESTERING

Rådmannen presenterer her framlegget til investeringsbudsjett, med dei prioriteringane som rådmannen har lagt til grunn. Innmelde investeringstiltak som rådmannen ikkje fann rom til, vert presenterte i eige vedlegg. Dei investeringstiltaka som rådmannen har lagt inn i budsjettframlegget er nærare omtala i sektorkapitla. Og alle tiltaka, enten dei er prioriterte av rådmannen eller ikkje, er identifiserte med ID-kode/nummerering som er i samsvar med dei nummer som blir tildelt i budsjetteringsprogrammet Arena. Meininga er å letta kommunestyret si handsaming, i samband med eventuelle endringar. Sidan Arena sorterer prosjekta alfabetisk, så gjeld det same her med den konsekvens at prosjektnummera ikkje kjem etter kvarandre.

5.1 Investeringsbudsjett

5.1.1 Budsjettskjema 2A

Budsjettskjema 2A viser eit samandrag av investeringane og korleis dei er finansiert.

5.1.1.1 Alle investeringane

1000 kroner

Investeringsutgifter Alle prosjekt	B2019	ØP2020	ØP2021	ØP2022
Investeringer i anleggsmidler	319 465	178 659	67 200	2 400
Utlån og forskutteringer	2 000	2 000	2 000	2 000
Kjøp av aksjer og andeler	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetninger	0	0	0	0
Årets finansieringsbehov	321 465	180 659	69 200	4 400
Bruk av lånemidler	-267 671	-150 142	-58 185	-4 120
Inntekter fra salg av anleggsmidler	0	0	0	0
Tilskudd til investeringer	-4 000	-6 750	-6 750	0
Kompensasjon for merverdiavgift	-37 394	-16 997	-4 265	-280
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-12 400	-6 771	0	0
Andre inntekter	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-321 465	-180 659	-69 200	-4 400
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	0	0	0	0
Sum finansiering	-321 465	-180 659	-69 200	-4 400
Udekket/udisponert	0	0	0	0



5.1.1.2 Dei sjølvfinansierande investeringane (VA=vatn og avløp)

1000 kroner

Investeringsutgifter Sjølvfinansierande prosjekt	B2019	ØP2020	ØP2021	ØP2022
Investeringer i anleggsmidler	38 350	26 500	10 500	500
Årets finansieringsbehov	38 350	26 500	10 500	500
Bruk av lånemidler	-38 350	-26 500	-10 500	-500
Kompensasjon for merverdiavgift	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-38 350	-26 500	-10 500	-500
Sum finansiering	-38 350	-26 500	-10 500	-500

5.1.1.3 Alle investeringane med unntak av dei sjølvfinansierande (VA)

1000 kroner

Investeringsutgifter Ordinære prosjekt	B2019	ØP2020	ØP2021	ØP2022
Investeringer i anleggsmidler	281 115	152 159	56 700	1 900
Utlån og forskutteringer	2 000	2 000	2 000	2 000
Kjøp av aksjer og andeler	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetninger	0	0	0	0
Årets finansieringsbehov	283 115	154 159	58 700	3 900
Bruk av lånemidler	-229 321	-123 642	-47 685	-3 620
Inntekter fra salg av anleggsmidler	0	0	0	0
Tilskudd til investeringer	-4 000	-6 750	-6 750	0
Kompensasjon for merverdiavgift	-37 394	-16 997	-4 265	-280
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-12 400	-6 771	0	0
Andre inntekter	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-283 115	-154 159	-58 700	-3 900
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	0	0	0	0
Sum finansiering	-283 115	-154 159	-58 700	-3 900
Udekket/udisponert	0	0	0	0

5.1.2 Kommentar til budsjettskjema 2A

I høve til dei seinare åra under ROBEK med dei avgrensingar det inneber med omsyn til investeringsnivået, gjev dette budsjettet/økonomiplanen ein større fridom sidan ein gikk ut av ROBEK i 2017. Dette har nok påverka det investeringsprogrammet som blir lagt fram, sjølv om det er den totale økonomien som bestemmer kva rom ein har eller lagar seg for investeringar.

Det er låneopptak utover det vi betalar ned i avdrag på eksisterande lånemasse som belastar driftsbudsjettet. Dette gjeld for dei investeringane som ikkje er sjølvfinansierande.

Sjølvfinansierande prosjekt er hovudsakeleg vassforsyning og avløp.

I oppstillinga over er det derfor skilt mellom «Ordinære prosjekt» og «Sjølvfinansierande prosjekt». Så det ein må ha fokus på når det gjeld belastninga på netto driftsbudsjett er nye låneopptak på «Ordinære prosjekt». Det har vært ei enorm utfordring å få plass til alle behova.



5.1.3 Budsjettskjema 2B på investeringsprosjektnivå

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2019	ØP2020	ØP2021	ØP2022
I - 59	Møblar fellesområde 2018	210	0	0	0
I - 58	Ordførarkontor og publikumsområdet ved kommunestyresalen. 2018	100	0	0	0
I - 53	Startlån 2019	2 000	2 000	2 000	2 000
	Sum sektor for Sentraladministrasjonen	2 310	2 000	2 000	2 000
I - 54	Datamaskiner og infrastruktur skule	1 250	500	0	0
	Sum sektor for Læring og kultur	1 250	500	0	0
I - 4	Nr. 1 Tryggleiksalarmar	150	0	0	0
I - 6	nr. 3 Pasientsignalanlegg	2 500	0	0	0
I - 5	nr.2 Velferdsteknologi	150	150	150	150
I - 7	Nr.4 Matvagner til avdelingane	285	0	0	0
	Sum sektor for Velferd	3 085	150	150	150
I - 51	Alle bygg - digitalisering teikningar	1 500	0	0	0
I - 50	Alle bygg - etablere SD-anlegg	100	100	100	100
I - 52	Alle bygg - nedgravd avfallsløysing	250	250	250	250
I - 46	Alle bygg - prosjektering/gjennomføring legionellakontroll	100	50	50	500
I - 19	Fiber for alle	100	12 759	0	0
I - 18	Flyfotografering	0	150	0	0
I - 138	Fotballhall 25 mill. kroner	25 000	0	0	0
I - 87	Gatelys - Nye armaturer vedtatt 2018	500	500	500	0
I - 94	Grunnkjøp - Holstad Byggefelt	17 000	17 000	0	0
I - 95	Grunnkjøp - Ymse grunnkjøp	500	500	500	500
I - 42	Hadartun - rehabilitering omsorgsbustadar	400	400	400	400
I - 110	Hamn - Brandal	2 220	0	0	0
I - 112	Hamn - Godsterminalen	7 500	0	0	0
I - 121	Hamn - Polarstar-kaia	3 125	0	0	0
I - 137	Hareid rådhus - Leigetakartilpassing	0	3 600	0	0
I - 120	Hareid rådhus - rehabilitering inklusive opsjon på taket	14 500	6 500	0	0
I - 43	Hareid sjukeheim - etablere vaktrom	100	0	0	0
I - 38	Hareid sjukeheim - prosjektering ombygging 2. og 3.etg.	200	750	1 000	0
I - 40	Hareid sjukeheim - ventilasjon vaskerom hjelpemiddel	100	0	0	0
I - 23	Hareid skule - opparbeide leikeplass	200	0	0	0
I - 36	Hareid ungdomsskule - etablere aktivitetspark	200	0	0	0
I - 117	Helsehus - nytt bygg	100 000	37 200	0	0
I - 139	Holstadfeltet - total infrastruktur	27 000	35 000	35 000	0
I - 22	Nytt bygg - bygge kommunale bustadar for utleige	8 000	8 000	0	0
I - 88	Omsorgsbustadar og dagaktivitetstilbod bu-og habiliteringstenesta	250	18 750	18 750	0
I - 83	Park og Grønt - Miljøgateprosjektet vedtatt 2018	10 000	0	0	0
I - 85	Park og Grønt - Parken vedtatt 2018	4 375	0	0	0
I - 140	Pålhaugen - bustadområde	3 000	0	0	0
I - 92	Skredvoll Brandal	375	10 000	0	0
I - 109	Veg - Almetunnelen vedteke 2018	6 000	0	0	0
I - 102	Veg - Bjåstad Røyset vedteke 2018	6 875	0	0	0
I - 91	Veg - Ombygging av vegryss ved helsehuset	3 125	0	0	0
I - 122	Veg - Parkeringsplass bak Kjøpmannsgata	3 000	0	0	0
I - 86	Veg - Rundkøyring Holstad vedtatt 2018	27 500	0	0	0
I - 75	Veg - Vegen mellom gamle Brandalsveg og Reina	875	0	0	0
I - 84	Veg - Øvstevegen bro vedtatt 2018	2 500	0	0	0
	Sum sektor for Kommunalteknisk drift Ordinære prosjekt	276 470	151 509	56 550	1 750



I - 111	Anløp - Bytte lyktestolper moloer	1 000	0	0	0
I - 81	Avløp - Avskjærende avløpsledning Grimstad - Bjåstad	300	4 000	0	0
I - 57	Avløp - Avskjæringsgrøft Ytre Hareid	5 000	0	0	0
I - 101	Avløp - Bjåstad Røyset - vedtatt 2018	5 000	0	0	0
I - 108	Avløp - Fornyng avløpsnett	1 000	0	0	0
I - 67	Avløp - Krysset Bigset byggefelt	850	0	0	0
I - 103	Avløp - Ombygging av avløp i sentrum vedtatt i 2018	5 000	0	0	0
I - 69	Avløp - Reinseanlegg	1 000	10 000	10 000	0
I - 93	Avløp - Sikring av Gjerdeelva egenandel til NVE	600	0	0	0
I - 129	Avløp - sjøledning Brandal	1 000	0	0	0
I - 133	Avløp - Sjøledninger Raffelneset	3 000	0	0	0
I - 142	Avløp Kyrkjegata	1 000	0	0	0
I - 144	Båt og brygge på ansvaret Anløp	2 000	0	0	0
I - 113	Hamn - Hamneområdet sentrum	0	1 000	0	0
I - 100	Vatn - Bjåstad - Røyset vedtatt 2018	5 000	0	0	0
I - 107	Vatn - Fornyng vassledningsnett	500	500	500	500
I - 71	Vatn - Hovudvassledning Holstad - Grimstad	100	1 000	0	0
I - 106	Vatn - Inntak Hammarstøylvatnet	2 000	0	0	0
I - 70	Vatn - Mobil straumaggregat	300	0	0	0
I - 60	Vatn - Nytt vassbehandlingsanlegg	1 000	10 000	0	0
I - 61	Vatn - sentrumsnettverk	1 700	0	0	0
I - 141	Vatn Kyrkjegata	1 000	0	0	0
Sum sektor for Kommunalteknisk drift VA-prosjekt		38 350	26 500	10 500	500
Sum investeringsutgifter i anleggsmidler		321 465	180 659	69 200	4 400

5.1.4 Kommentar til budsjettskjema 2B

Kommentar til det enkelte prosjekt er å finne under sektorkommentarane.



6 STABSFUNKSJONEN

Assisterande rådmann Kariann Bigset

6.1 Sektorstruktur

Stabsfunksjonen er plassert i Sentraladministrasjonen og består av følgende einingar:

- Personal og organisasjon
- Servicetorget og politisk sekretariat
- Økonomi

Leiarane har sjølvstendige fag-, økonomi- og personalansvar og rapporterer til assisterande rådmann.

6.1.1 Om tenestene

Staben utfører dei fleste av dei sentrale stab- og støttetjenestene, som tjenester innanfor økonomi-, personal-, utviklings- og IKT. Servicetorget utfører i tillegg til interne tjenester til administrativt og politisk nivå diverse tjenester til publikum. IKT er sett ut til SSIKT, men staben er kommunen sitt knutepunkt inn mot SSIKT.

Eit viktig fokus for staben er dessutan å legge til rette for den politiske aktiviteten gjennom saksførebuingar og gjennomføring av politiske vedtak. Alle einingane i staben er potensielle aktørar i dette arbeidet.

6.2 Årsverk og driftstiltak

6.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2016	Årsverk 2017	Årsverk 2018	Årsverk 2019
Rådmannskontoret	2,55	3,09 men brukte 2,38	2	2
Økonomiavdelinga	5,12	5,3	4,9	4,9
Personalavdelinga	3,4	3	3	3
Servicetorget	4,5	4,5	5	5
Samla årsverk	15,57	15,18	14,9	14,9

Tabellen over gjeld heile Sentraladministrasjonen. Det vil seie at Rådmannen er rekna med i tillegg til Stabsfunksjonen. Både rådmann og assisterande rådmann er knytt til Rådmannskontoret.

I personalavdelinga ligg også ressursane knytt til den lovfesta stillingsheimelen for hovudverneombod (5,33%). Det er ynskje om å auke denne, men ein fann dessverre ikkje rom for det i årets budsjett.

6.3 Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring og kontroll

Gjer merksam på at dette avsnittet gjeld heile Sentraladministrasjonen, altså Rådmannskontoret og politisk styring og kontroll i tillegg til Stabsfunksjonen.

6.3.1 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2019 – 2022 Politisk styring og kontroll (A) Sentraladministrasjonen (B)		Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
AB		17 078			
AB0	Sum konsekvensjustering	825			
AB1	Sum artsavhengigheit	-215			
AB2	Sum prisjustering	732			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	18 421	18 421	18 421	18 421
B1	Effektiviseringstiltak	500	-2 000	-4 000	-6 000
B2	Adobe pakke	16	16	16	16
B3	Midlar til utstyr	14	14	14	14
B4	Auke i driftskostnader SSIKT	102	102	102	102
B5	Investeringstilskot SSIK	291	291	291	291
B6	Fordele nye kostnader SSIKT	-357	-357	-357	-357
B7	Kutt møtgodtgjersle	-57	-57	-57	-57
B8	Variasjon i valår	158	-138	141	-133
B9	Kutt – rentekostnader startlån	-50	-50	-50	-50
B10	Kutt – andre avgifter og gebyr	-120	-120	-120	-120
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	18 918	16 122	14 401	12 127

6.3.2 Kommentar til driftstiltaka

AB0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråson, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

Sum konsekvensjusteringar gir eit uttrykk for volumauke /-reduksjon. Årsaken til volumendring i sektoren er samansett.

AB1 Sum artsavhengigheit

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen er det berre moderate endringar for Sentraladministrasjonen. Talet speglar ein korreksjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

AB2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 2%, ein auke i driftskostnader utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,4%.

B1 Effektiviseringstiltak

Administrasjonen ser at dersom ein skal klare å få budsjettbalanse og ta inn dei 0,5 % i effektivisering som er lagt til grunn i statsbudsjettet, må ein gå igjennom heile organisasjonen og sjå på kva endringar ein kan gjere i drifta for å få dette til. Det er derfor i 2019 budsjetttert



med ein kostnad på 500' til kjøp av ekstern bistand og frikjøp av interne ressursar for å gjere denne kartleggingsjobben. Effekten av dette skal takast ut frå og med 2020.

B2 Adobe pakke

Dette er arbeidsverktøy til ny informasjonskonsulent som vert tilsett frå 1.12.2018.

B3 Midlar til utstyr

Dette er midlar til hev/senk arbeidsbord eller anna nødvendig utstyr.

B4, B5 og B6 Drifts- og investeringskostnader SSIKT

Dette er Sentraladministrasjonen sin del av kostnadane til SSIKT.

B7 Kutt møtegodtgjersle

Det har vist seg dei siste åra at det har vore budsjettert med høgare kostnader til kommunestyret enn det som har blitt regnskapsført. Det er derfor gjort ei justering her.

B8 Endringar i valkostnader

Det stor forskjell på arbeidet med kommuneval og arbeidet med stortingsval. Dette gjeld før valet, på valdagen og etter at valet er over. Denne skilnaden er tatt omsyn til. Det er sjølvstags også tatt omsyn til at berre annakvart år er eit valår.

B9 Kutt – rentekostnader startlån

Justering i forhold til reelle rentekostnader.

B10 Kutt – andre avgifter og gebyr

Det er her lagt inn eit generelt kutt.

Tiltaka elles er kommentert under rådmannen si innleiing.

6.3.3 Investeringsiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2019	ØP2020	ØP2021	ØP2022
I - 59	Møblar fellesområde 2018	210	0	0	0
I - 58	Ordførarkontor og publikumsområdet ved kommunestyresalen. 2018	100	0	0	0
I - 53	Startlån 2019	2 000	2 000	2 000	2 000
	Sum sektor for Sentraladministrasjonen	2 310	2 000	2 000	2 000

6.3.4 Kommentar til investeringsiltaka

I-59 Møblar til ordførarkontoret og publikumsområdet utanfor kommunestyresalen

Utsifting av møblar.

Møblar ordførarkontor ca. 70 000.

Ståbord med meir til mingleareal 30 000.

I-58 Møblar fellesområde

Det er behov for møblar i felles bruksområde.

I-53 Startlån 2019



6.4 Overordna målsettingar

6.4.1 Hovudmål

- Stabsfunksjonen skal syte for naudsynte stab- og støttetjenester til kommunen sine tenesteytande einingar.
 - Politikarar, publikum, samt andre offentlege og private verksemdar skal få naudsynt og korrekt informasjon og service, utan unødig ventetid.
 - Staben skal vere utviklingsorientert og ha eit spesielt ansvar for at heile kommunen si verksemd er i tråd med lov og retningslinjer og syte for at kommunen sitt omdøme vert forvalta på ein god måte.
- Staben skal vere pådrivar i arbeidet med Losen 2025, og aktivt bidra til at kommunen når målsettingane sine

6.4.2 Utviklingsmål

- Alle einingar i kommunen skal ha fokus på felles målstyring og god økonomistyring. Målsetting er 0% avvik
- Alle bruker Compilo og alle prosedyrar skal inn i internkontrollsystemet.
- Alle tilsette skal lære og bruke PUKK-hjulet (planlegge, utføre, kontrollere, korrigere) som utgangspunkt for stadig utvikling og forbedring.
- Evaluere intern organisering og funksjonsfordeling i høve dei nye sektorane
- Lønspolitisk handlingsplan
- Bidra til å nå måla i LOSEN 2025



7 SEKTOR FOR LÆRING OG KULTUR

Kommunalsjef Eivind Longva

7.1 Sektorstruktur

- Ressurssenteret
- Biblioteket
- Hareid Musikk- og Kulturskule
- Bigset barnehage
- Hareid barnehage
- Syverplassen barnehage
- Bigset skule
- Hareid skule
- Hjørungavåg skule
- Hareid ungdomsskule
- Læring- og kulturkontoret

Einingsleiarane har sjølvstendige fag-, økonomi- og personalansvar og rapporterer til kommunalsjef.

7.1.1 Om tenestene

Hareid kommune, sektor for læring og kultur, har sett seg som mål å bli ein kvalitets- og kompetanseorganisasjon med fokus på kollektive læringsprosessar og medverknad. Dette krev systematisk og langsiktig planlegging, då ein ynskjer å nytte sektoren sin samla kompetanse og ressursar på smartast og mest tenelege måte for organisasjonen. Det vert viktig å arbeide målretta og kunnskapsbasert med fokus på kollektive læringsprosessar i den einskilde eining, og på tvers av einingane i sektoren. Sektor for læring og kultur har ansvar for dei kommunale tenestene barnehage, grunnskule, musikk- og kulturskule, bibliotek, vaksenopplæring, flyktningkontor, introduksjonsprogram, kulturkontor, og kontakt med frivillig sektor.

Sektoren vil fokusere på å etablere gode tenester innanfor dei rammene som er gitt.

7.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Arbeidet gjennom året vil ha fokus på lovpålagde tenester og kjerneoppgåver.

7.2 Årsverk og driftstiltak

7.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2016	Årsverk 01.10.2017	Årsverk 01.10.2018	Årsverk 2019 budsjett
Oppvekstkontor	1,00	1,00	2,00	2,00
Bigset skule	14,98	14,83	14,97	14,25
Hareid skule	33,78	33,53	32,67	32,71
Hjørungavåg skule	11,73	12,25	12,48	12,50
Hareid ungdomsskule	28,89	28,45	29,42	27,40
Bigset barnehage	14,3	15,4	13,87	15,60
Hareid barnehage	6,57	6,62	5,95	6,10



Syverplassen barnehage	13,81	13,12	12,1	15,20
Lærlingar	0	0	0,71	0,50
Styrka barnehage tilbud	2,62	3,26	4,91	5,07
Spes.ped tiltak	1,99	1,58	1,78	1,25
Barnehagekontor	1,00	1,00	1,00	1,00
Hareid musikk- og kulturskule	4,67	4,61	4,78	4,84
Ressurssenteret	9,24	10,21	9,44	10,26
Kulturkontor	1,31	1,31	1,31	1,31
Bibliotek	1,55	1,55	1,55	1,55
Samla årsverk	147,44	148,72	148,93	151,54

Endring læring og kultur 2,61 årsverk

- Her er årlege naturlege svingingar både i skule og barnehage. Her ligg også inne ein auke i ressursenteret. Årets auke skyldast totalt sett i hovudsak auka i tal på barn i barnehage.
- Det er lagt inn ei innsparing på 0,35 årsverk ved at kulturkonsulenten tek funksjonen inn i si stilling. Dette for 2019.

Med ressursnivået på kvar einskild skule stettar vi krava til den nasjonale lærarnorma.

Lærarnorma, som har full effekt frå august, er finansiert gjennom øyremerka tilskot.

Ressursauka på barnehage er i hovudsak grunna i auka barnetal. Og ein del av variasjonar ein må vente i barnehagedrifta. Den skjerpa bemanningsnorma utgjer om lag 0,7 stilling.

Auka på kulturkontor er tilsetjing av kulturkonsulent.

7.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Prosjekt 2019 - 2023 OPPVEKST (C)		Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
C	B1 2018	134 088			
C0	Sum konsekvensjustering	2 828			
C1	Sum artsavhengigheit	1 778			
C2	Sum prisjustering	6 150			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	144 844	144 844	144 844	144 844
C3	Bigset bhg – auke i sjukelønsrefusjon	-300	-300	-300	-300
C4	Datamaskiner og infrastruktur	0	50	50	50
C5	Hareid bhg - kutt i bruk av vikar	-93	-93	-93	-93
C6	Hareid skule - auka brukaroverføringar frå staten	-400	-400	-400	-400
C7	Hareid skule - Reduksjon i kjøp frå andre kommunar	-403	-403	-403	-403
C8	HUS - auka brukaroverføringar frå staten	-400	-400	-400	-400
C9	Introduksjonsstønad – kutt i stønad	-100	-100	-100	-100
C10	Kulturkontor – reduksjon sørvisavtalar og reparasjonar	-30	-30	-30	-30
C11	Kulturkontor - Reduksjon telefoni	-10	-10	-10	-10
C12	Kutt - SLT koordinator i 35% stilling blir i si heilhet utført av kulturkonsulent i 100% stilling.	-221	0	0	0



C13	Oppjustere lærarressursane på Ressurssenteret, for å auke inntekta	-459	-459	-459	-459
C14	Oppvkontor - reduksjon annonser	-30	-30	-30	-30
C15	Oppvkontor - reduksjon kursutgifter	-30	-30	-30	-30
C16	Oppvkontor - reduksjon kjøp frå andre	-20	-20	-20	-20
C17	Reduksjon i kjøp frå andre kommunar	-164	-164	-164	-164
C18	vaksenopplæringa - auka refusjon frå staten	-130	-130	-130	-130
C19	vaksenopplæringa - kutt anna underv.materiell	-50	-50	-50	-50
C20	vaksenopplæringa - kutt kursutgifter	-30	-30	-30	-30
C21	Vaksenopplæringa – kutt lærebøker	-90	-90	-90	-90
Rådmannen sitt framlegg til ny ramme		141 884	142 155	142 155	142 155

7.2.3 Kommentar til driftstiltaka

C0 Sum konsekvensjustering

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde kan vere konsekvensjusteringar.

C1 Sum artsavhengigheit

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift.

C2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 2%, ein auke i driftskostnader utanom løn på 2,1%, og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

C3 Bigset bhg – auke i sjukelønsrefusjon

Det er vurdert at det er rom for å auke den budsjetterte sjukelønsrefusjonen.

C4 Datamaskiner og infrastruktur

Treng datamaskiner både til elevane og pedagogar.

C5 Hareid bhg – kutt i bruk av vikar

Å ikkje setje inn vikar ved sjukdom gjer at resten av personalet får slitasje, som igjen gjeve sjukefråvær.

C6 Hareid skule - auka brukaroverføringar frå staten

Det er vurdert for at det er rom for å auke den budsjetterte posten.

C7 Hareid skule - Reduksjon i kjøp frå andre kommunar

Redusert behov for skuleåret 2017/18 per januar 2019

C8 HUS – auka brukaroverføringar frå staten

Det er vurdert for at det er rom for å auke den budsjetterte posten.

C9 Introduksjonsprogram - kutt i stønad

Prognosen syner færre på stønad

C10 Kulturkontor - reduksjon sørvisavtalar og reparasjonar

Det er vurdert for at det er rom for å redusere den budsjetterte posten.

C11 Kulturkontor - Reduksjon telefoni



Det er vurdert for at det er rom for å redusere den budsjetterte posten.

C12 Kutt - SLT koordinator i 35% stilling blir i si heilhet utført av kulturkonsulent i 100% stilling.

Gjeld intill vidare i 2019.

C13 Oppjustering av lærarressursar på Ressurssenteret for å auke inntekta

For 2018 ble det vedteke to tiltak ved ressurscenteret. Det ble kutta i lærarressursar 1,191 mill. kroner, og vedteke ei auke på programrådgjevar stillinga 50%.

Behovet har samstundes auka i forhold til det man frykta, då aktiviteten har vore jamn høg sidan 2017. Talet på lærarar er derfor uendra, men programrådgivar stillinga har vært vakant gjennom året. Dette, saman med ei nedgang i introduksjonsstønad i forhold til budsjett, har gjort at ressurscenteret ser ut til å halde budsjettamma si for 2018.

Hadde ein gjort kutt i talet på lærarar hadde ein også måtte seie nei til å undervise elevar, noko som hadde ført til ei større nedgang i inntekta enn sjølve lønskuttet.

For 2019 er det forventa at introduksjonslønna vil gå opp igjen, og det er såleis ikkje vurdert som hensiktsmessig å kutte denne posten. Det ser samstundes ut som at talet på elevar vil stige. Denne stigninga vil ein kunne ta i mot med det same talet på lærarar som vi har i dag. Samstundes er det naudsynt å tilsette ein programrådgivar. Dette kjem av at det er busett familiar i Hareid, som krev meir oppfølging enn enkeltpersonar.

For å behalde dagens tal på lærarar er det derfor naudsynt å auke opp ramma med 1,191 mill. kroner igjen, slik at ein igjen har dekning for dette. Ei auke ift. dagens budsjetterte nivå på salsinntekta vil kompensere for utgiftene, og tiltaket er for 2019 sjølvfinansierande i tillegg til at eininga vil bidra med økte inntekter.

Talet på elevar og flyktningar vil over tid variere, og både for 2019 men spesielt seinare, er det ein finansiell risiko knytt til dette.

C14 Oppvkontor - reduksjon annonser

Det er vurdert for at det er rom for å redusere den budsjetterte posten.

C15 Oppvkontor - reduksjon kjøp frå andre

Det er vurdert for at det er rom for å redusere den budsjetterte posten.

C16 Oppvkontor - reduksjon kursutgifter

Det er vurdert for at det er rom for å redusere den budsjetterte posten.

C17 Reduksjon i kjøp frå andre kommunar

Det er vurdert for at det er rom for å redusere den budsjetterte posten.

C18 Vaksenopplæringa - auka refusjon frå staten

Det er vurdert for at det er rom for å auke den budsjetterte posten.

C19 Vaksenopplæringa - kutt anna underv.materiell

Det er vurdert for at det er rom for å redusere den budsjetterte posten.

C20 Vaksenopplæringa - kutt kursutgifter

Det er vurdert for at det er rom for å redusere den budsjetterte posten.

C21 Vaksenopplæringa - kutt lærebøker





Det er vurdert for at det er rom for å redusere den budsjetterte posten.

7.3 Investeringar

7.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt Nummer	Investeringsutgifter	B 2019	ØP 2020	ØP 2021	ØP 2022
I - 130	Kjøp av datamaskiner og infrastruktur	1 250	0	0	0
Sum sektor for Læring og kultur		1 250	0	0	0

7.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

I – 130 Kjøp av datamaskiner og infrastruktur

Sektoren har i 2017 og 2018 fått på plass Chromebooks til alle elvane på ungdomstrinnet. Samt iPad til alle elevane på 5-7 årstrinn. I tillegg er infrastruktur – kabling, aksesspunkt og switch'ar i hovudsak på plass. Med eit løft i 2019 vil vi truleg kunne tilby digitale læremiddel til alle elvar i skulen i Hareid. Med IKT-satsinga i Hareid kommune er skulen på veg til å lykkast med å styrke elevane i dei digitale utfordringane dei vil møte både no, og seinare i livet.

7.4 Overordna målsettingar

7.4.1 Hovudmål

- Overordna kvalitetsplan for oppvekst 2016-2020 skal nyttast som styrings- og planleggingsverktøy i delen av sektoren den femnar om, inkludert PPT, barnevernet og helsestasjonen.
- Sektoren skal utvikle seg gjennom kompetanseutviklingsprosessar tilrettelagt på eigen arbeidsplass og gjennom felles utviklingsdagar, nettverk og leiarutviklingsprogram. Kompetanseutviklinga skal ta opp i seg arbeidsmåtar og verktøy som fremjar kollektive læringsprosessar, refleksjon over eigen praksis, erfaringsutveksling og kunnskapsdeling internt i eiga eining og i nettverk på tvers av einingane.
- Sektor for læring og kultur skal vere pådrivar for tett samarbeid og samhandling med tillitsvalde for å legge til rette for gode arbeidsvilkår og auka læringsutbytte.
- Det skal arbeidast systematisk med å utvikle gode, trygge og motiverande læringsmiljø med fokus på medverknad i eige læringsarbeid, undervegsrettlegg, tidleg innsats og heim-skule/barnehagesamarbeid
- Det skal arbeidast systematisk og kunnskapsbasert med vaksenrolla knytt til pedagog, fagarbeidar, assistent, leiar som fremjar relasjonell kompetanse og autoritativt leiarskap på alle nivå i sektoren.
- VI skal arbeide for eit stimulerande oppvekst- og kulturmiljø for innbyggjarane i kommunen, ved å utvikle det kulturhistoriske Hareid, støtte det frivillige arbeidet og gje bidrag til ei positiv utvikling for Hareid kommune

7.4.2 Utviklingsmål

- Styrke leiarane i å leie systematiske og kollektive læringsprosessar på eigen arbeidsplass, relasjonsferdigheiter og samhandlingskompetanse på alle nivå i sektoren.



- Einingane skal vurdere/revurdere kartleggingsverktøy som er i bruk, og bruke desse aktivt i læringsarbeidet.
- Sikre gode arenaer og godt fritidsmiljø som fremjar god utvikling for innbyggjarane i kommunen.
- Sikre gode oppvekstmiljø gjennom å legge til rette for eit godt kultur- og fritidstilbod i Hareid kommune.
- Gjennomgå kultur- og musikkskulen slik at ein til ei kvart tid har tilbod som er tilpassa førespurnaden.
- Arbeide for at biblioteket skal vere ein naturleg møteplass og arena for kunnskap og samtale for innbyggjarane i Hareid
- Styrke arbeidet for å gje flyktningar god integrering



8 SEKTOR FOR VELFERD

Kommunalsjef Berit Aasen

8.1 Sektorstruktur

Sektor for velferd vert leia av kommunalsjef.

- Helse- og koordinerende eining.
- NAV og barnevern
- Bu- og habilitering
- Sjukeheim - Somatisk eining – korttidsavdeling og bu-avdeling
- Sjukeheim - Skjerma eining
- Eining for Heimetenester
- Institusjonskjøkkenet er leia av kjøkkensjef.
- Velferds kontor

8.1.1 Om tenestene

Hareid kommune, sektor for velferd arbeider kontinuerleg og systematisk for å vere ein kvalitets- og kompetanseorganisasjon. Langsiktig planlegging for å nytte tilgjengelege ressursar og kompetanse på best tenleg måte for organisasjonen er viktig. Vi har ei målretta og medveten haldning til kompetanse og utvikling for å yte gode og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Frå 01.01.2018 vart NAV og barnevern forankra i sektor for velferd.

Dei tilsette er den viktigaste ressursen som sektor for velferd har. Vi må legge til rette for at tilsette har dei naudsynte kvalifikasjonar, kunnskap og haldningar for å kunne sikre kvalitet på dei tenestene vi yter til innbyggjarane i Hareid kommune. Rett kompetanse på rett plass og til rett tid vil vere med å bidra til å sikre gode, effektive og trygge tenester.

Sektoren vil ha fokus på å etablere gode tenester innanfor dei rammene som er gitt. For å kunne møte utfordringar i framtida må ein nytte ressursane på best tenleg måte. Mottakar av tenester og pårørende må få tilstrekkeleg informasjon for å kunne kjenne til kva tenester dei kan forvente seg i Hareid kommune.

8.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Regjeringa oppmodar kommunane til å sette m.a. fornying og forbetring av omsorgssektoren på dagsorden i kommunalt plan- og utviklingsarbeid og har m.a. desse satsingsområda:

1. **Leve heile livet – ei kvalitetsreform for eldre.** Målet er fleire gode leveår der den aldrande befolkninga beheld god helse lenger og i større grad meistrar eige liv. Det grunnleggjande vil vere det som ofte sviktar i tilbodet til eldre; mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene.
2. **Omsorg 2020** – Styrke kvalitet, kompetanse og kapasitet i omsorgstenestene, samstundes som ein vil legge til rette for omstilling for å sikre nyskaping og utvikling til nye og betre løysingar i sektoren. Ei fagleg sterk helse- og omsorgsteneste vil sikre ei berekraftig teneste i framtida.
3. **Dagaktivitetstilbod for personar med demens** – kommunar vert pliktig til å ha aktivitetstilbod/demensdagsenter for heimebuande personar med demens frå 01.01.2020.



4. **Moderne lokale og buformer:** Framtidas sjukeheimar og omsorgsbustader skal bli utforma for å stette behov for morgondagens brukarar, som vil omfatta alle aldersgrupper i samfunnet.
5. **Den nye heimetenesta:** Tenesta har den største auken i tal på brukarar. Dette har bakgrunn i ei tredobling av yngre brukarar under 67 år, kortare liggetid ved sjukehus og eit aukande tal på eldre i kommunen.
6. **Fornyng og innovasjon:** Nye løysingar må bli utforma for å mobilisere samfunnet sine samla omsorgsressursar, ta i bruk ny teknologi, utarbeide nye faglege metodar, og innovasjonsarbeid.

8.2 Årsverk og driftstiltak

8.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Forventa årsverk– budsjettframlegg 2015	Årsverk 01.01.2016	Årsverk 01.01.2017	Årsverk 01.01.2018	Årsverk 01.01.2019
Velferdskontor	2,50	3,5	3,5	5,20	5,20
Helse og koordinerande eining	12,50	12,22*	13,82	13,82	14,82
Skjerma eining	11,26	13,47**	13,47	13,46	13,46
Somatisk eining	22,90	26,09	28,56	28,56	
Buavdelinga					13,72
Korttidsavdelinga					14,84
Kjøkken	4,29	4,29	4,29	4,29	4,29
Heimetenestene	20,73	24,08	26,08	26,08	26,08
Bu- og habiliteringseiniga	25,41	27,58	30,38	30,38	30,38
NAV					6,40
Samla årsverk	99,59	111,23 årsverk***	120,09	121,79	129,19

Auken frå 2015-2016:

I 2015 var det starta eit arbeid med å telle tal på tilsette og årsverk i sektoren. Dette arbeidet kom som ein følgje av innføring av programmet Arena i kommunen og at alle lønnsark skulle oppdaterast.

Det var ikkje telt tilsette over tid i sektoren, så dette var eit omfattande arbeid.

Det var gjort ein gjennomgang av personalmapper, lønsmeldingar og turnus på dei ulike avdelinga.

Det er dokumentert alle tilsettingar i Arena som kan finnast tilbake til i Agresso.

Dette forklarar den store endringa som er mellom 2015 og 2016.

Auken frå 2016- 2018 kan forklarast slik :

Velferdskontoret:

1. Overføring av 0,5 årsverk kommuneoverlege frå rådmannens stab
2. Oppretting av 1,0 årsverk driftsteknikar velferd for satsing på velferdsteknologi-politisk vedteke Handlingsprogrammet 2017 – Saksnummer 2016 /107
3. Oppretting av 0,2 årsverk p.g.a. tilrettelagt arbeid/omplussing

Helse- og koordinerande eining

1. Oppretting av 0,5 årsverk helsesøster Saksnummer 2015/1378
2. Oppretting av 0,2 årsverk psykiatri Saksnummer 2015/1378
3. Oppretting av 0,1 årsverk administrasjon helsesøster Saksnummer 2015/1378
4. Overføring av 0,5 årsverk frå kommunalt NAV

Somatisk eining



1. Opprettinga av 2,4 årsverk i politisk vedtak for å sikre forsvarleg bemanning på kveld. Saksnummer 2015/1378

Heimetenestene:

1. Oppretting av 2,0 årsverk i politisk vedtak, auke i vedtak i BPA ordningar som er rettighetsfesta. Saksnummer 2015/1378

Bu- og habiliteringstenesta

1. Oppretting av 2,8 årsverk i politisk vedtak for å sikre ressursar til bemanning jamfør gyldige vedtak. Saksnummer 2015/1378

NAV Hareid og Ulstein

1. Overføring av 6, 40 årsverk kommunale stillingar ved NAV Hareid og Ulstein til sektor for velferd.
Inngått avtale om vertskommune samarbeid om NAV kontor. Rådmannen la ansvaret på sektor på velferd

Auken frå 2018-2019 kan forklarast slik:

Helse- og koordinerande eining

1. Overføring av 0,5 årsverk frå kommunale bygg

8.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2019 – 2022		Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
VELFERD (D)		2019	2020	2021	2022
D	Budsjett 2018	109 892			
D0	Sum konsekvensjustering	2 906			
D1	Sum artsavhengigheit	-45			
D2	Sum prisjustering	5 585			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	118 339	118 339	118 339	118 339
		600	1 200	1 200	1 200
D3	Legeavtaler				
D4	Statleg refusjon IMDI	-1 157	-1 157	0	0
D5	Auka eigenbetaling	-170	-170	-170	-170
D6		-170	-170	-170	-170
	Auka eigenbetaling				
D7	Auka eigenbetaling	-170	-170	-170	-170
D8	Auka statleg tilskot ressurskrevjande tenester	-400	-400	-1 557	-1 557
D9	Reduksjon i barnevernstiltak	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	115 872	116 472	116 472	116 472

D0 Sum konsekvensjustering

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråson, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.



D1 Sum artsavhengigheit

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane vore ein del underbudsjetterte for sektoren. Talet speglar ein korreksjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

D2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 2%, ein auke i driftskostnadar utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

D3 Legeavtaler

I samband med flytting av legekontolet til det nye helsehuset er det viktig å sikre moglegheiter for god rekruttering og vere konkurransedyktige slik vi klarar å halde fast på fastlegane som har jobbar i Hareid.

Kostnadane til legetenesta har auka siste åra. Kostnadane med drift av eit legekontolet aukar kvart år utan at dette blir kompensert av staten. Det har og kome nye krav til legevakt, som og gir meirkostnader. Det har vore naudsynt med ein ny fastlegeheimel som igjen fører til at sjukeheims- og kommuneoverlege har blitt fordelt på fastlegar på legekontolet. Det utløyser eit tilskot for drift som er regulert av sentrale avtalar. Dei siste 5 åra har det vore 14 legar tilsett på 5(6) fastlegeheimlar som fastlege eller i langtidsvikariat.

. Fastlegen er ein grunnstein for å få til ei god kommunal helsetenesta for innbyggjarane, og det må vere eit mål å få ei stabil fastlegedekning. Det vert derfor sett på som viktig at det fortsatt vil legges til rette for ei god legeteneste på Hareid, og at kostnadane på dette vert sett på opp mot kostnadane i tilsvarende kommunar med same rekrutteringsvanskar.

D4- D5 – D6 – D7- D8 Auka eigenbetaling

Dette er ei samla vurdering over auka inntekt og vederlagsbetaling som er forventa å kome. Tala er basert på erfaringstal for 2018, og etter nasjonale retningslinjer til statlege tilskot. Dette kan endre seg kvart år, og må vurderast fortløpande.

D9- Reduksjon i barnevernstiltak

Barnevernsleiar har meldt at det kan vere mogleg med ein reduksjon av utgifter til institusjonsplassar i løpet av 2019. Det er stipulert ein kostnad på ca. 1 mill. i reduserte utgifter. Det vil fortløpande bli vurdert gjennom året, for ev. justering.

8.3 Investeringar

8.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2019	ØP2020	ØP2021	ØP2022
I - 006	Pasientsignalanlegg	2500	0	0	0
I - 004	Trygggleiksalarmar	150	0	0	0
I-005	Velferdsteknologi	150	150	150	150
I-007	Matvogner til avdelingane	285			
Sum sektor for Velferd		3085	150	150	150



8.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

Velferdsteknologi tiltak har teke tid å få på plass. Sjustjerna samarbeider no med Ålesund innkjøpssamarbeid og SSIKT for å sikre utvikling av dette, både når det gjeld val av utstyr og drift.

I-006 Pasientsignalanlegg –

Det er inngått opsjonsavtale med Ålesund og Orkidé sitt innkjøpssamarbeid for innkjøp av pasientsignalanlegg på sjukeheimen. Det er eit viktig tiltak for å digitalisere helsetenestene for framtida. Det er lagt opp eit tett samarbeid med SSIKT for sikre drift av sentral plattform, som skal styre både tryggleiksalarmar for heimebuande og dei i omsorgsbustad og pasientsianlegg i sjukeheimen.

I-004 Tryggleiksalarmar

Det er inngått avtale om innkjøp av tryggleiksalarmar gjennom innkjøpssamarbeidet med Ålesund kommune. Det er nødvendig med årlege auke av investeringar for å oppgradere tryggleiksalarmane i kommunen.

I-005 Velferdsteknologi

Hareid kommune er med i eit felles prosjekt i Sjustjerna. Sjustjerna har fått prosjektmidlar til «Innføring av Velferdsteknologiske løysingar og plattform Sjustjerna», og fått tildelt midlar frå Fylkesmannen og Helsedirektoratet til prosjektet.

Dette arbeidet blir gjort i tett samarbeid med SSIKT.

Det er etablert ei arbeidsgruppe for sektor for velferd. Den er tverrfagleg samansett og på tvers av einingar. Det er einingsleiar Monica Småge Skeide som er leiar for denne arbeidsgruppa, og vil ta ansvaret for å informere ut i organisasjonen om prosjektet. Dette omfattar både tilsette, brukarar, pårørande og generelt innbyggjarar i Hareid kommune. Det vil og bli lagt opp informasjon til politikarar.

Målet for Prosjektet er:

- Kompetanseheving hjå dei tilsette i kommunane gjennom samlingar og nettverksarbeid
- Vidareføre og utvikle arbeidet med digitalt tilsyn
- Anskaffing av nasjonalt tilrådde velferdsteknologiske løysingar
- Realisere gevinstar frå innføring av ny teknologi

I-007 Matvogner til avdelingane

Innkjøp av nye transportvogner av varm og kald mat til postkjøken.

Tre av transportvognene som vi har i dag har slutta å fungere. Desse vognene er ca. 20 år gamle, og held ikkje dagens krav til oppbevaring av varme og kalde rettar og varer. Vognene vi har i dag har heller ikkje kjøling. Vi ynskjer difor å oppgradere til vogner som har ein del for varmeholding av mat og ein for oppbevaring av kalde rettar/varer.

Ved servering skal varme rettar halde ein temperatur på mellom 60 og 80 grader.

Kalde rettar skal vere maks 7 grader.

Dette er krav som mattilsynet stiller for oppbevaring/varmeholding av mat, og ber med dette om forståing for at det må investerast i nye matvogner.

8.4 Overordna målsettingar

8.4.1 Hovudmål

- Arbeidsgivarpolitikken er implementert i heile organisasjonen.
- Sektor for velferd skal bidra til god omdømmebygging av Hareid kommune
- Sektor for velferd er ein kompetanse- og kvalitetsorganisasjon



- Sektor for velferd vil fremme tett samarbeid med tillitsvalde, med fokus på arbeidsmiljøtiltak og gode arbeidsvilkår for dei tilsette.
- Compilo – etablere eit internkontroll- og kvalitetssystem.

8.4.2 Utviklingsmål

- Fagutviklingsdagen skal bidra til kontinuerlig og planlagt kompetanseheving av helsepersonell
- Tilsette skal få tilbod om vidareutdanning, med støtte frå Kompetanseløftet 2020 frå Fylkesmannen.
- Samarbeid med tillitsvalde skal halde fram.
- Rutine for årleg samling med verneombod, tillitsvalde, fagkoordinatorar og einingsleiarar er etablert og skal vidareførast.
- Rutine for handtering av vedtak, jamfør Forvaltningslova, skal vidareutviklast
- 12 punkt plan for satsingsområder i 2018 skal utarbeidast av leiargruppa, og implementerast i heile sektoren
- Ressursstyring - fokus på godt leiarskap og kompetanseutvikling
- Helse- og omsorgsplanen bør reviderast og omfatte framtidsplanane til sektoren.

8.4.3 Framtidsplanar for sektor for velferd

Helse- og omsorgsplan 2020-2025

Omsorgsplan 2015 :

«Hareid kommune står føre vesentlege utfordringar innan helse- og omsorgssektoren komande år. Alderssamansettinga i samfunnet endrar seg. Vi lever lengre, vi blir fleire eldre. Familiestrukturane endrar seg, mobiliteten aukar, vi endrar kostsvanar og aktivitetsnivå. Dei kommunale helse- og omsorgstenestene skal yte gode tenester i eit samfunn i stadig endring. Målgruppa i denne planen er innbyggjarane i alle aldrar som har behov for omsorgsteneste. Planen omfattar fagområda pleie og omsorg, funksjonshemming, folkehelse, psykisk helsearbeid, rusomsorg, legeteneste, ergoterapi og fysioterapiteneste.»

Det er behov for ein ny helse- og omsorgsplan for sektor for velferd. Der bør det mellom anna kartleggast kva som er behova for å framtida, korleis skal tenestene organiserast, korleis kan den eksisterande bygningsmassen nyttast på best mogleg måte og kva kompetanse det vil vere behov for.

Sektor for velferd har starta arbeidet med å sjå på ulike prosjekt som bør innlemmast i den nye helse- og omsorgsplanen.

• Bu- og habilitering

Det er eit auka behov for tilrettelagde bustadar og eit dagaktivitetstilbod for denne gruppa. Det er laga ei eiga politisk sak som blir framlagt i kommunestyre for vidare planlegging. Viser til saksutgreiing nr PS 2018/1871

• Legetenesta i Hareid kommune:

Det er planlagt eit tett samarbeid mellom Hareid kommune og Hareid legesenter. Intensjonen er at Hareid legesenter skal etablerast i det nye helsehuset.

Det er planlagt politisk behandling av saka første halvår 2019.

Målet er å få til ein mellombels avtale mellom Hareid kommune og Hareid legesenter i påvente av etablering i nytt legesenter. Det må lagast eit politisk utgreiing om ein skal etablere eit kommunalt legesenter i det nye helsehuset.

• Helse- og koordinerande eining:





Deler av denne eininga skal vere i 5 etasje, dette gjeld tenesta for psykisk helse og rus, fysioterapeut, ergoterapeut og leiar. Tenesta for psykisk helse og rus har behov for fleire samtalerom, for å kunne gi tenester meir effektivt enn per i dag. Ved å ha samtaler i våre lokale kan dei nå fleire med dei ressursane vi har tilgjengeleg per i dag. Det er ingen god kombinasjon å ha administrasjon og utøvande teneste i same lokale, og derfor har ein planlagt dette. Denne tenesta må utvikle og organisere seg annleis i framtida, for å møte behovet i samfunnet.

- **Heimetenesta - skape ei berekraftig utvikling for morgondagen sine tenester**

Sektoren har omorganisert ressursane i heimetenestene dei siste 2 åra, og har no ei felles fagleg personalgruppe som gir tenester til både heimebuande og omsorgsbustadane på Hadartun. Målet var å sikre rett kompetanse på rett plass til rett tid. Dette må vidareutviklast for å kunne gi berekraftige velferdstenester i framtida. Det må satsast på velferdsteknologi, informasjon til innbyggjarar om kva tenester dei kan forvente at kommunen gir, samarbeid med brukar og pårørande og utvikle samarbeidet med frivillige. Dette er i tråd med nasjonale retningslinjer og satsingsområder som er skildra i ulike stortingsmeldingar.

Prosjekteringa av ombygginga av 4 etasje starta hausten 2018. Det er planlagt flytting av heimetenestene frå 2 etasje til 4 etasje, og administrasjonen frå 5. etasje til 4 etasje. Målet er å nytte eksisterande bygningsmasse på best mogleg måte.

- **Dagaktivitetstilbod til demente heimebuande**

Denne tenesta er lovpålagt frå 01.01.2020. Det er mogleg å søke om tilskot for etablering av dagaktivitetstilbod frå Helsedirektoratet. Planen er å etablere dagtilbodet i lokala i 2 etasje, som heimetenestene flyttar ifrå. Der vil ein få eit godt tilbod med eigna uteområde i sansehagen, og kompetanseutveksling med personalet ved skjerma eining. Målet vil vere å legge til rette for at demente kan bu lengst mogleg heime med eit godt tilrettelagt dagaktivitetstilbod.

Det må utarbeidast tildelingskriterier for dagtilbodet.

Det krev eit investeringstiltak for planlegging og prosjektering av 2 etasje, sidan lokala ikkje er tilrettelagt per i dag til dette tilbodet.

- **Servicesenter for eldre heimebuande og bebuarar ved omsorgsbustadane**

Det er ønskeleg å utvikle konseptet servicesenter i 3 etasje, der noverande dagsenter for eldre er. Dette inneber mellom anna å etablere fotpleie, tannpleiar, kafé i samarbeid med kjøkkenet, kulturtilbod for eldre, samarbeid med frivillige og tilrettelagde arbeidsaktivitet for andre brukargrupper.

I stortingsmeldinga «Leve hele livet» blir det framheva ei nødvendig satsing på aktivitet og fellesskap, og mat og måltid. Ved å etablere ein møteplass for eldre kan ein tilby kulturell aktivitet, fellesskap med andre, kjøp av nødvendige tenester og tilbod om kjøp av måltid. Det er viktig at frivillige blir engasjert i denne satsinga for å kunne nå måla i reforma «Leve hele livet».

Det krev eit investeringstiltak for planlegging og prosjektering av 3 etasje, sidan lokalet ikkje er tilrettelagt per i dag for å etablere dette tilbodet.

- **Velferdsteknologi**

Hareid kommune er med i eit felles prosjekt i Sjustjerna. Sjustjerna har fått prosjektmidlar til «Innføring av Velferdsteknologiske løysingar og plattform Sjustjerna», og fått tildelt midlar frå Fylkesmannen og Helsedirektoratet til prosjektet.

Dette arbeidet blir gjort i tett samarbeid med SSIKT.

Det er etablert ei arbeidsgruppe for sektor for velferd. Den er tverrfagleg samansett og på tvers av einingar. Det er einingsleiar Monica Småge Skeide som er leiar for denne arbeidsgruppa, og vil ta ansvaret for å informere ut i organisasjonen om prosjektet. Dette



omfattar både tilsette, brukarar, pårørande og generelt innbyggjarar i Hareid kommune. Det vil og bli lagt opp informasjon til politikarar.

Målet for Prosjektet er:

- Kompetanseheving hjå dei tilsette i kommunane gjennom samlingar og nettverksarbeid
- Vidareføre og utvikle arbeidet med digitalt tilsyn
- Anskaffing av nasjonalt tilrådde velferdsteknologiske løysingar
- Realisere gevinstar frå innføring av ny teknologi

• **Sakshandsaming**

Sektoren har valt å flytte sakshandsaming til administrasjonen per i dag. Dette for å sikre god flyt i saksbehandlinga, og betre oversikt over tenestene som blir gitt av sektoren. Det er viktig for å sikre god kost/nytte av dei ressursane vi har tilgjengelig, og at brukarane får tildelt tenester som er gitt etter prinsippet omsorgstrappa. Dette betyr forsvarlege tenester på lavast moglege nivå.

Sektoren har flytta sakshandsaming for bu -og habilitering, heimetenestene og sjukeheim per i dag til administrasjonen. Det er planlagt å flytte sakshandsaming for støttekontakt, rus- og psykiatri og dagtilbod i 2019.

• **Fellesskapet aktivitetssenter**

Sektoren må vidareutvikle dagaktivitetstilbodet for denne brukargruppa . Målet er å utvikle tenesta som sikrar meistring i kvardagen for brukarane, og satsingsområda vil vere aktivitet, fellesskap, ernæring og samanheng mellom tenestene.

Sektoren vil utvikle denne tenesta, og vil ha særskilt fokus på fysisk aktivitet og ernæring. Denne brukargruppa har behov for stabilitet i kvardagen, føreseielege tenester og tverrfagleg samarbeid.

Helse -og koordinerande eining vil vere ansvarleg for dette i samarbeid med heimetenestene.

• **Utvikling av fagutviklingsdagar**

Fagutviklingsdagar i sektoren er etablert etter modell skildra i kompetanseplanen.

Det er utvikla eit årshjul for tema på fagutviklingsdagane, som gjer at ein sikrar kvalitet i planlegginga.

Leiargruppa vil vidareutvikle konseptet og ansvaret for å koordinere dette er lagt til einingsleiar Monica Småge Skeide.

Målet er å sikre fagleg utvikling og engasjerte medarbeidarar i sektoren.

Sektoren har heile tida fremma at dei tilsette er vår viktigaste ressurs.

8.5 Oversikt over einingane i sektor for velferd

8.5.1.1 Helse - og koordinerande eining

Helse- og koordinerande eining består av helsestasjon- og skulehelseteneste, legeteneste, jordmorteneste, teneste for psykisk helse og rus og aktivitetssenter, dagsenter for eldre heimebuande, ergoterapiteneste, kommunal og privat fysioterapi, støttekontaktordning og koordinerande eining.

Sektoren har valt å utvide tenesta psykisk hels til og å omfatte rus. Dette er i tråd med nasjonale føringar, og er skildra i stortingsmeldinga «Mestre hele livet».

Brukarar har frå 01.01.19 rett på behandling etter retningslinjer for TSB- tverrfagleg spesialisert behandling. Dette omfattar brei tverrfaglegheit innad i kommunen og samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Delmål/ utviklingsmål





- Eininga skal med sin spisskompetanse vere pådrivarar i helsefremmande og førebyggjande helsearbeid, og i rehabiliteringsarbeidet på tvers av einingane og elles i kommunen
- Utvikle samarbeidet med NAV og spesialisthelsetenesta, i høve personar med rus og psykisk helse utfordringar. Delta i utviklingsprosjekt i regi av NAV, med å auka andelen yngre i arbeid./ utdanning
- Styrke teneste til barn og unge med undervisning om psykisk helse i skulane
- Eininga tek eit medansvar for undervisning til dei andre einingane i sektoren
- Utvikle rutine for hjelpemiddel handtering, bruk av velferdsteknologi
- Fortsette å vidareutvikle tett samarbeid med andre aktuelle fagpersonar for å yte koordinerte tenester med utgangspunkt i brukarmedverknad
- Vidareutvikle dagsenter og auke i teneste for yngre heimebuande demente

8.5.1.2 Bu- og habiliteringseininga

Bu og habiliteringstenesta yter tenester til desse gruppene:

- Vaksne psykisk utviklingshemma i bustad
- Avlastning til born og unge med særleg krevjande omsorgsbehov.
- Unge vaksne i eigen bustad som treng miljøarbeid i heimen.

Delmål/ utviklingsmål:

- Etablere faste samarbeidsmøte med pårørande
- Fokus på brukarmedverknad
- Etablere gode rutinar for bruk av ressursar på tvers av områda
- Vidareutvikle fagutviklingsdag
- Halde fram arbeidet med oppsøkande miljøarbeid til unge vaksne i egen heime
- Miljøarbeid i kvardagen
- Utvikle dagtilbodet

Det blir fremma ei politisk sak for å etablere nye bustadar og dagaktivitetstilbod for denne brukargruppa. Viser til punktet framtidsplanar for sektor for velferd.

8.5.1.3 Skjerma eining

Skjerma eining har 17 pasientar. Det er eit sterkt press på tenesta og ein må til tider nytte dobbeltrom. Målgruppa er personar som vert vurdert til å ha behov for å bu i ei mindre eining.

Delmål/ utviklingsmål:

- Rutinar tilpassa personar med kognitiv svikt
- Etablere miljøarbeid i kvardagsrutinane. Tilsette tek no vidareutdanning i miljøarbeid i regi av Høgskulen i Volda.
- Vidareutvikle samarbeidsrutinar med pårørande
- Samarbeid med dagsenteret
- Kulturtilbod i kvardagen
- Medikamentrutinar

8.5.1.4 Buavdeling

Avdelinga har 16 rom, der eitt av roma er dobbeltrom. Målgruppa er personar som vert vurdert til å ha behov for å bu i ei mindre eining.

Denne avdelinga vil ha behov for innføring av omfattande velferdsteknologi tiltak i framtida, for å sikre at brukargruppa har trygge og gode omgjevnadar. Dette vil bli informert meir om i velferdsteknologi satsinga i 2019.

Delmål/ utviklingsmål:

- Rutinar tilpassa personar med kognitiv svikt
- Etablere miljøarbeid i kvardagsrutinane





- Vidareutvikle samarbeidsrutinar med pårørnde. Det er etablert faste pårørnde samtalar årleg.
- Miljøarbeid i kvardagen. Fleire tilsette tek vidareutdanning i miljøarbeid i regi av Høgskulen i Volda.

8.5.1.5 Korttidsavdeling

Avdelinga har 15 rom + eit rom for øyeblikkeleg hjelp.

Delmål/ utviklingsmål:

- Pasientflyt på sjukeheimen skal primært skje på denne avdelinga.
- Å ta imot utskrivingsklare pasientar frå første dag.
- Alle pasientar med korttidsopphald skal få ein plan for oppfølging ved hjelp av tverrfagleg møte og samarbeid med pasient og eventuelt pårørnde.
- Miljøarbeid i kvardagen
- Utvikle ressursmøta for å skape betre pasientflyt
- Satsar sterkt på kompetanseheving for tilsette innan kroniske og akutte sjukdomar
- Samarbeid med heimetenestene og helse- og koordinerande eining ved utskriving

8.5.1.6 Kjøkkenet

Kjøkkenet har ansvaret for:

- Ernæring til pasientar ved sjukeheimen
- Middagsombering til heimebuande
- Skape matglede ved å ta vare på og servere tradisjonsrike rettar. Ha dialog med brukarane og oppfylle deira ynskje om der er rettar dei har ynskje om å få servert. Sørge for at borda er fint pynta og dekka
- Dei som bur i omsorgsbustadar har høve til å kjøpe middag og ha måltida i matsalen
- Kjøkkenet driv catering til jubileum eller gravferder for bebuarar, kommunale møter og arrangement i det omfang som kjøkkenet til kvar tid har høve til ut frå ressursane.

Delmål/ utviklingsmål:

- Implementere bruk av matmerkingssystemet AIVO, køyrelister, bestillingslister i AIVO
- Rekruttere lærlingar til kokkefaget for institusjonskjøkkenet.
- Bidra til å opprette arenaer som skaper trivsel og matglede for bebuarane som t.d.: karneval, grillfestar, jonsokfeiring, peparkakelandsby og julefest
- Etablere rutinar for kartlegging av ernæring

8.5.1.7 Eining for Heimetenester

Heimetenestene har ansvaret for desse tenestene: heimesjukepleie, omsorgsbustadar og praktisk bistand, brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn. Alle tenester blir tildelte med skriftleg vedtak etter søknad.

Det er skildra under framtidsplanar for sektoren korleis ein ynskjer å utvikle heimetenestene.

Delmål/utviklingsmål:

- Samarbeid med helse - og koordinerande eining
- Implementering av ytterlegare tverrfagleg samarbeid med ergoterapeut og fysioterapeut
- Etablere vedtakshandtering etter forvaltningslova i samarbeid med sakshandsamar
- BPA – etablere gode rutinar for saksbehandling og auke kunnskapen om lovverket for tilsette
- Gode rutinar for pasient- og brukarmedverknad ved etablering av hjelpetilbod.



- Sikre god kompetanse til alle brukarane, samarbeid mellom dei ulike tenestene innad i avdelinga

8.5.1.8 Velferdskontor

Velferdskontor har fagleg og administrativ støttefunksjon til einingane. I tillegg har ein fått kommuneoverlege og driftsteknikar til eininga.

Delmål/ utviklingsmål:

- Vederlagsbetaling: samarbeide tett og godt med NAV, pasient/pårørande og økonomiavdelinga. Ta del på interkommunalt nettverk for fagområdet.
- Rettleie leiarane i høve budsjett og rekneskap og grunnlag for fakturering av betalingstenester.
- Sakshandsaming
- Samarbeid med økonomiavdeling for å ta ut administrative gevinst for bruk av eksisterande system

8.5.1.9 NAV og barnevern vart frå 01.01.2018 forankra i sektor for velferd

Barnevernet- interkommunalt samarbeid

Hareid kommune har eit interkommunalt samarbeid om barneverntenesta. Det er kommunane Hareid-Ulstein-Ørsta og Volda som inngår i vertskommunesamarbeidet. Driftsansvaret for barneverntenesta er delegert til rådmann i Volda og kontoret er lokalisert på rådhuset der.

NAV- interkommunalt samarbeid, Hareid /Ulstein

Det lokale NAV-kontoret har to styringslinjer – kommunal og statleg, og leverer tenester knytt til arbeidsretta oppfølging. NAV Hareid og Ulstein leverer tenester til innbyggjarane i Hareid og Ulstein kommune og Hareid er vertskommune.

Kommunale tenester som er obligatoriske i NAV-kontoret: Opplysning, råd og rettleiing, også økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, midlertidig butilbod, individuell plan og Kvalifiseringsprogrammet (lavterskeltilbod til personar med nedsett arbeids- og inntektsevne).

Teneste og utviklingsmål

1. Tilby tilrettelagte kvalifiseringstiltak til dei som treng det for å kome i arbeid.
2. Styrke kvaliteten i den arbeidsretta oppfølginga. Etablere team av jobbspesialistar.
3. Styrke samarbeidet med næringslivet ytterligare



9 SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

Kommunalsjef Kai-Rune Bjørke

9.1 Sektorstruktur

Eining kommunalteknikk og VAR har fylgjande ansvarsområde:

- Samfunnsutviklingskontoret
- Vatn
- Avløp
- Slam
- Renovasjon
- Vegeigar og vegmynde
- Park og grønt
- Idrettsanlegg
- Anløp
- Hamn og hamnemynde, herunder ISPS.
- Gatelys
- Forureining og forureiningsmynde
- Utbyggingsområde – utvikling av bustadfelt og næringsområde

Eining kommunal eigedom/FDV har fylgjande ansvarsområde:

- Forvaltning
- Drift
- Vedlikehold
- Utvikling (vi driv med dette dagleg og tenkjer her spesielt på prosjektleiing og tenkjer at det no er rett å ta det med som del av strukturen)
- Utleie
- Reinhald

Eining for Plan, Byggesak og Geodata

- Plan
- Byggesak
- Geodata
- Beredskap

Sektoren har to rådgjevarar direkte under Kommunalsjef. I tillegg vil Folkehelsekoordinatoren også ligge til Kommunalsjef. Rådgjevarane vil bistå Kommunalsjef med oppgåver innan alt som har med avtalar om kjøp og sal av eigedom, juridisk bistand, næring, næringsfondssaker osv.

9.1.1 Om tenestene

Kommunalteknikk og VAR:

Eininga består av 12,5 stillingsheimlar, inkludert einingsleiar som har fag-, økonomi- og personalansvar. Eininga har 13 tilsatte fordelt med 7 tilsatte på uteavdelinga og 5,5 tilsatte inne på rådhuset.

Einingsleiar rapporterer til Kommunalsjef for samfunnsutvikling.

Eininga v/einingsleiar har også ansvar for Teknisk vakt som er på vakt alle dagar heile året for å sikre infrastrukturen i Hareid kommune. Det er fem personar som går i Teknisk vakt i fem-delt turnus.

Skildring av ansvarsområda





Vatn – Ansvarsområdet inneheld produksjon og distribuering av drikkevatt til alle abonnentane i Hareid kommune. Dette inkluderer drikkevasskjelde, nedslagsfelt til drikkevasskjelda, vassbehandlingsanlegg, høgdebasseng, trykkaukingsstasjonar og leidningsnett.

Avløp - Ansvarsområdet inneheld utbygging av og rehabilitering av avløpsnett, inkludert pumpestasjonar. Reinseanlegg er under planlegging på Raffelneset. Innanfor dette ansvaret ligg også overvatn. Dette er kanskje den største utfordringa ein har i Noreg pr i dag og Hareid er ingen unntak.

Slam og Renovasjon – Ansvarsområda er forankra i eininga, men ein har driftsavtale med SSR om den praktiske gjennomføringa.

Veg – Ansvarsområdet er dels privatrettsleg og dels offentlegrettsleg. Kommunen er privatrettsleg eigar av alle dei kommunale vegane. Ein er også lokal vegmynde etter veglova. Eininga har ansvaret for drift og vedlikehald av vegane, inkludert veggrøft. Eininga er også ansvarleg for vinterdrift av vegane og har 7 røde som brøytast i kommunen.

Park og Grønt – Ansvarsområdet dekkar alle offentlege grøntområde. Det er Ca 100 mål med plen og Ca 60 mål med busker og trær som skal driftast og vedlikehaldas. Andre arbeidsoppgåver som ligg til dette området er til dømes handtering av boss, sprøyting av uønskt vekstar, kantrensk, juletrær og offentlege benkar.

Idrettsanlegg – Kommunen eiger idrettsanlegget ved ungdomsskulen og er økonomisk ansvarlig for drifta. Ein har ein driftsavtale med HIL.

Anløp - Ansvarsområdet dekkar farleden til alle anløp i kommunen. Det største ansvaret knytt seg til anløp av ferje og hurtigbåt.

Hamn – Ansvarsområdet dekkar drift, vedlikehald og utvikling av alle hamnene i Hareid kommune. Eininga er lokal hamnemynde etter hamn- og farvasslova. Eininga er ansvarleg for ISPS terrorsikring.

Gatelys – Eininga er ansvarlig for drift og vedlikehald av alle gatelys i Hareid kommune. Ein driftar også Statens Vegvesen sine lys og får ein årleg refusjon på dette arbeidet.

Forureining og forureiningsmynde – Eininga er lokal forureiningsmynde. Ansvarsområdet dekkar sakshandsaming og tilsyn med forureining i Hareid kommune.

Utbyggingsområde – Eininga har ansvaret for å utvikle nye utbyggingsområder i kommunen, til dømes bustadfelt og næringsområder.

Eininga har i tillegg mange bygningar som ein sjølv har ansvaret for drift og vedlikehald av.

Kommunal eigedom/FDV:

Ansvarsområda er leia av einingsleiar med økonomi- og personalansvar samt fagleg ansvar for si eining. Einingssleiar rapporterer til kommunalsjef. Driftssleiar FDV har dagleg operativt ansvar for driftsteknikarane. Driftssleiar reinhald og kommunale bustadar har dagleg operativt ansvar for reinhaldarane samt ansvar for utleige av kommunale bustadar. Eininga har 17 årsverk (NB: denne ynskjer eg kvalitetssikra) og 25 tilsette (fint med kvalitetssikring også her).

Eininga har ansvar for å forvalte, drifte, vedlikehalde og utvikle kommunale eigedomar på ein slik måte at dei til ei kvar tid innfrir gjeldande regelverk, beheld eller aukar sin verdi

Plan, Byggesak og Geodata:





Ansvarsområda er leiar av ein einingsleiar som har økonomi- og personalansvar, i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Einingssleiar rapportera til kommunalsjef. Eininga har 5 årsverk, og 5 tilsette.

Eininga har ansvar for:

- Handsaming av private planforslag
- Overordna planlegging som til dømes kommuneplan og planstrategi
- Frådeling
- Byggesak
- Beredskapsplanverk
- Oppmåling og sakshandsaming etter matrikkel-lova
- GIS (geografisk informasjonssystem) – forvaltning av kartbaser
- Tildeling av adresser samt føring i matrikkel
- Med meir (som til dømes eigarseksjonering, motorferdsel, dispensasjonar og liknande)

9.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

9.2 Årsverk og driftstiltak

9.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2016	Årsverk 01.10.2017	Årsverk 01.10.2018	Forventa årsverk – Budsjettframlegg 2019
Kommunalsjef	1,00	1,00	1,00	1,00
Rådgevar frå Sentral adm - Plan	-	-	1,00	1,00
Rådgevar frå Sentral adm - Rådmann	-	-	0,80	0,80
Folkehelsekoordinator frå Sentraladm - Rådmann	-	-	0,50	0,50
Sum adm. sektor	1,00	1,00	3,30	3,30
Vegar	1,50	1,50	1,20	1,20
Prosjektleiing sjølvkost	0	0	1,00	1,00
Park-og grøntareal	1,00	1,05	1,00	1,00
Anløp		0,05	0,20	0,30
Vatn	4,20	4,75	5,90	4,65
Avløp	3,20	3,20	3,20	4,35
Brannvern	1,25	1,25	-	-
FDV-bygningar	1,00	1,00	1,00	1,00
Vedlikehald	3,45	4,32	4,87	4,87
Utleige	0,50	0,50	1,80	0
Reinhald	11,99	11,08	10,47	10,47
Prosjektleiing eigedom	0	0	1,00	1,00
Plan, Byggesak og Geodata	5,75	5,75	-	-
Plan	-	-	2,00	2,00
Byggesak	-	-	1,00	1,00



Geodata	-	-	2,00	2,00
Samla årsverk	34,84	35,45	39,94	38,14

Ein har hatt ei opprydding på kommunalteknikk og VAR. Ein ser at det ikkje er samsvar mellom registreringane på lønnsark og faktisk utlønning av fleire av dei tilsatte. Det har ikkje vore noko reell endring utover dei kommunestyrevedtak som har vore gjort i 2018. I realiteten har det skjedd ein reduksjon på veg med 0,3 stillingar. Frå 01.01.2019 vil lønnsarka og faktisk utlønning vere i samsvar. I samband med forvaltningsrevisjonsrapport på sjølvkostområdet må ein også flytte ein del av dei tilsette i lønnsarka. Dette vil vere ei nullsums-handling. Det vil ikkje føre til ei auke totalt sett, men ein vil få ei anna fordeling mellom tilsatte på vatn og avløp. Dette må ein gjere då rapporten pekte på at ein må kunne dokumentere at fordelingsnøkkelen reflekterer arbeidskvardagen til dei tilsatte på sjølvkost.

9.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2019 – 2022 SAMFUNNSUTVIKLING (F)		Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
F	B1 2018	34 971			
F0	Sum konsekvensjustering	907			
F1	Sum artsavhengigheit	-1 002			
F2	Sum prisjustering	1 276			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	36 152	36 152	36 152	36 152
F3	Hadartun - teknisk vurdering/utbetring av ventilasjon	100	0	0	0
F4	Kompensasjon for manglande inntekter frå sjølvkostområdet	600	600	600	600
F5	Hareid ungdomsskule - oppgradering elevtoalett	200	0	0	0
F6	Redusere kjøp av varer	-100	-100	-100	-100
F7	Alle eigedomar - tilstandsrapport alle eigedomar	100	0	0	0
F8	Hareid ungdomsskule - maling og pussing betongfasader	200	0	0	0
F9	Hareid skule - bytte tak på 96-bygget	1 000	0	0	0
F10	Hjørungavåg skule - rehabilitering skulekjøken	200	0	0	0
F11	Helsehus - FDV-kostnader	0	800	1 575	1 575
F12	Redusere vikarkostnader	-860	0	0	0
F13	Opphør av leiekontrakt Myrtunet	1 533	805	805	805
F14	Fordele nye it kostnader	39	39	39	39
F15	Hareid idrettshall - renovere dusjar og toalett	100	0	0	0
F16	Hjørungavåg skule - drenering rundt gymsal	250	0	0	0
F17	Hareid Rådhus - leigekostnad Myravegen 11	638	0	0	0
F18	Fotballhall – reklame	-300	-600	-600	-600
F19	Reduksjon i leigekostnader i privat marked ang. bustad vanskeligstilte	0	0	-768	-768



F20	Hadartun - skifte vindauge trappesjakt	100	0	0	0
F21	Hjellebakken - Rehabilitering bygg B	100	50	0	0
F22	Hareid ungdomsskule - rehabilitering golv gang og garderober	100	0	0	0
F23	Regulering bedehuset	125	0	0	0
F24	Brannvernet - Auke i kontingent for IUA og 110-sentralen	41	46	46	46
F25	Redusere asfaltarbeid	-250	-250	-250	-250
F26	Driftskostnadar fotballhall	78	156	156	156
F27	Helsehus – leigeinntekter	0	-2 000	-3 360	-3 360
F28	Redusere konsulenttenester	-200	-200	-200	-200
F29	Avløp - overvatn	500	500	500	0
F30	Avløp - Avløpsplan	100	0	0	0
F31	Vatn - Vassplan	500	0	0	0
F32	Nulle ut sjølvkostansvara	-1441	-841	-841	-341
Rådmannen sitt framlegg til ny ramme		39 605	35 157	33 754	33 754

9.2.3 Kommentar til driftstiltaka

F Budsjettramme i inneverande år.

F0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråson, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

Sum konsekvensjusteringar gir normalt eit uttrykk for volumauke /-reduksjon.

F1 Sum artsjusteringar

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane også denne gongen, vorte noko korrigererte.

F2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 2,5%, ein auke i driftskostnadar utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

F3 – Hadartun - teknisk vurdering/utbetring av ventilasjon

Det er behov for ei teknisk vurdering av ventilasjonsanlegget på kortidsavdeling, kontor og kjøken 2 etg. på Hadartun samt utbetring av dette.

F4 – Kompensasjon for manglande inntekter frå sjølvkostområdet

Kontrollkomiteen bestilte i fjor ein revisjonsrapport på sjølvkostområdet vatn og avløp. Denne var ferdigstilt i haust. I arbeidet med rapporten fant ein at sjølvkostområdet vatn og avløp vert



belasta for mykje for drift av rådhuset, ansvar 7010, funksjon 130. Kommunalteknikk har gått gjennom tala med Momentum og økonomi. Ein ser at det fordelast ut 600.000 kroner for mykje frå vatn og avløp til drift av Rådhuset. Dette er no ordna opp i, men ansvaret 7010 - 130 må få kompensert inntektstapet sitt

F5 – Hareid ungdomsskule - oppgradering elevtoalett

Nye toalett, servantar, belegg, fliser og speglar. Lause flisar som vanskeleggjer reinhald m.a.

F6 – Redusere kjøp av varer

Muleg potensiale for reduksjon i denne budsjettposten.

F7 – Alle eigedomar - tilstandsrapport alle eigedomar

Gjennomføre tilstandsanalyser på alle eigedomar i kommunen. Skal danne grunnlag for vedlikehaldsplan. Behov for opplæring av tilsette, behalde kompetansen i avdelinga.

F8 – Hareid ungdomsskule - maling og pussing betongfasader

Maling og pussing av betongfasader, under overbygg/tak og søyle

F9 – Hareid skule - bytte tak på 96-bygget

Det er avdekt omfattande lekkasjer i takkonstruksjonen på 96-bygget

F10 – Hjørungavåg skule - rehabilitering skulekjøken

Utbetring og oppdatering av skulekjøken (innreiing er frå 1990)

F11 – Helsehus - FDV-kostnader

Driftskostnader er basert på eit totalareal på 4500 kvm BTA.

FDV-kostnader som ligg til grunn er kr 350 pr kvm BTA pr år på tilsammen 4500 kvm BTA

F12 – Redusere vikarkostnader

Ved Samfunnsplanleggingskontoret har ein medarbeidarar ute i langvarig permisjon. For å kunne ivareta funksjonane, har ei difor budsjettert med samla vikarkostnad på kr 750 000. Ein gjer her framlegg om å ta bort denne budsjettposten i sin heilskap, men gjer samstundes merksam på at dette vil føre til vesentleg reduksjon av kapasitet på fleire område.

F13 – Opphør av leigekontrakt Myrtunet

Kontrakten med Kleven opphører frå 31.01.2019. Ein får då ei reduksjon i inntekta på 2,7 mill kr. pr år. Samstundes kan ein då redusere 1,3 årsverk prosjektilsette.

Føresett også at ein ny kontrakt på 1,35 mill. kr pr år kommer på plass innan 01.09.2019, og at ein ikkje treng prosjektilsette til denne leiga. Denne kontrakten får heilårseffekt i 2020, 2021 og 2022.

F-14 Fordele nye IT-kostnader

Nye tiltak frå ssikt, drift 100 000 kr, tilskot til investering 300 000.

Sum å fordele 400 000. Intern fordeling mellom sektorane og einingane.

F15 – Hareid idrettshall - renovere dusjar og toalett

Feste lause fliser på vegger og golvoverflater i dusjar og toalett

F16 – Hjørungavåg skule - drenering rundt gymsal

Drenering rundt gymsal må utbedres. Mugg og fukt inne. Ein mistenker dårleg og/ eller manglande drenering på byggetidspunkt.

F17 – Hareid Rådhus - leigekostnad Myravegen 11



Leigekostnad i Myravegen 11 grunna rehabilitering av Hareid Rådhus. Forutsatt benyttelse av opsjon som inneber skifte av tak, noko som medfører to månaders lenger byggetid. Total leigeperiode 6 mnd.

F18 – Fotballhall – reklame

Utleige av reklameplass til Hareid il. Berre halvårseffekt i 2019.

F19 – Reduksjon i leigekostnadar i privat marked ang. bustad vanskeligstilte

Når kommunen bygger åtte bustadar for vanskeligstilte, kan kommunen fjerne kostnadar forbundet med leiligheter leid i det private markedet.

F20 – Hadartun - skifte vindauge trappesjakt

Vindauga i trappesjakt er rotne og må skiftast.

F21 – Hareid Hjellevakken - Rehabilitering bygg B

Rehabilitering av barneavlastninga, bygg B. Generelt behov for rehabilitering av bygget innvendig grunna stor slitasje av brukere.

F22 – Hareid ungdomsskule - rehabilitering golv gang og garderober

Rehabilitering av golvoverflater gang og garderober idrettshall

F23 – Regulering bedehuset

Behov for ny reguleringsplan

F24 – Brannvernet - Auke i kontingent for IUA og 110-sentralen

Kontingenten for å delta i IUA (Interkommunalt utvalt for akutt forureining) er auka frå 5 kr pr innbygger til 6 kr pr innbygger med verknad frå 2020. Under tilskot/refusjonar står andelen til Hareid kommune. 110-sentralen vil også auke kontingent til inntil 8 kr frå 2019.

F25 – Redusere asfaltarbeid

Naudsynt kutt som følge av budsjettsituasjonen. Konsekvensen av dette vert at det ikkje vil vere midlar att til asfaltering.

F26 – Driftskostnadar fotballhall

Det er vurdert ein månadleg kostnad på 8000 kr pluss strøm 5000 kr pr. månad. Dette er basert på erfaringstal frå liknande hallar.

F27 – Helsehus – leigeinntekter

Leigeinntekt er basert på forventa utleigebart areal BTA på 2100 kvm og leigeinntekt pr kvm BTA på kr 1600,-ex mva.

F28 – Redusere konsulenttenester

Muleg potensiale for reduksjon. Konsekvensen kan bli mindre høve til å utarbeide reguleringsplaner.

Driftstiltak Sjølvkost

F29 – Avløp - overvatn

Hareid kommune har svært store utfordringar knytt til overvatn og fremmedvatn. Saksmengda er sterkt aukande og utgiftene for å forebygge skade aukar. Dette er rekna som ei av dei største utfordringa i Noreg og fokuset har vore for lite. Ein ønskjer å få midlar til forebyggjande arbeid.

F30 – Avløp - Avløpsplan



Vass og avløpsplanen må reviderast

F31 – Vatn - Vassplan

Vass og avløpsplanen må reviderast

F32 – Nulle ut sjølvkostansvara

Sjølvkost påverkar ikkje kommunen sitt handlingsrom, i form av at ei auke i gebyr eller bruk av fond dekker opp auken i kostandar på området. Beløpet tek både med konsekvensjusteringar og dei tre tiltaka som er med i framlegget.

9.3 Investeringar

9.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

ORDINÆRE PROSJEKT - 1000 kroner					
Pr. nr.	Investeringsutgifter	B2019	Ø2020	Ø2021	Ø2022
I - 51	Alle bygg - digitalisering teikningar	1 500	0	0	0
I - 50	Alle bygg - etablere SD-anlegg	100	100	100	100
I - 52	Alle bygg - nedgravd avfallsløysing	250	250	250	250
I - 46	Alle bygg - prosjektering/gjennomføring legionellakontroll	100	50	50	500
I - 19	Fiber for alle	100	12 759	0	0
I - 18	Flyfotografering	0	150	0	0
I - 138	Fotballhall 25 mill. kroner	25 000	0	0	0
I - 87	Gatelys - Nye armaturer vedtatt 2018	500	500	500	0
I - 94	Grunnkjøp - Holstad Byggefelt	17 000	17 000	0	0
I - 95	Grunnkjøp - Ymse grunnkjøp	500	500	500	500
I - 42	Hadartun - rehabilitering omsorgsbustadar	400	400	400	400
I - 110	Hamn - Brandal	2 220	0	0	0
I - 112	Hamn - Godsterminalen	7 500	0	0	0
I - 121	Hamn - Polarstar-kaia	3 125	0	0	0
I - 137	Hareid rådhus - Leigetakartilpassing	0	3 600	0	0
I - 120	Hareid rådhus - rehabilitering inklusive opsjon på taket	14 500	6 500	0	0
I - 43	Hareid sjukeheim - etablere vaktrom	100	0	0	0
I - 38	Hareid sjukeheim - prosjektering ombygging 2. og 3.etg.	200	750	1 000	0
I - 40	Hareid sjukeheim - ventilasjon vaskerom hjelpemiddel	100	0	0	0
I - 23	Hareid skule - opparbeide leikeplass	200	0	0	0
I - 36	Hareid ungdomsskule - etablere aktivitetspark	200	0	0	0
I - 117	Helsehus - nytt bygg	100 000	37 200	0	0
I - 139	Holstadfeltet - total infrastruktur	27 000	35 000	35 000	0
I - 22	Nytt bygg - bygge kommunale bustadar for utleige	8 000	8 000	0	0



I - 88	Omsorgsbustadar og dagaktivitetstilbod bu- og habiliteringstenesta	250	18 750	18 750	0
I - 83	Park og Grønt - Miljøgateprosjektet vedtatt 2018	10 000	0	0	0
I - 85	Park og Grønt - Parken vedtatt 2018	4 375	0	0	0
I - 140	Pålhaugen - bustadområde	3 000	0	0	0
I - 92	Skredvoll Brandal	375	10 000	0	0
I - 102	Veg - Bjåstad Røyset vedtatt 2018	6 875	0	0	0
I - 91	Veg - Ombygging av vegryss ved helsehuset	3 125	0	0	0
I - 122	Veg - Parkeringsplass bak Kjøpmannsgata	3 000	0	0	0
I - 86	Veg - Rundkøyring Holstad vedtatt 2018	27 500	0	0	0
I - 75	Veg - Vegen mellom gamle Brandalsveg og Reina	875	0	0	0
I - 84	Veg - Øvstevegen bro vedtatt 2018	2 500	0	0	0
Sum sektor for Samfunnsutvikling – ordinære prosjekt		270 470	151 509	56 550	1 750

SJØLVKOSTPROSJEKT - 1000 kroner					
Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2019	ØP2020	ØP2021	ØP2022
I - 111	Anløp - Bytte lyktestolper moloer	1 000	0	0	0
I - 81	Avløp - Avskjærende avløpsledning Grimstad - Bjåstad	300	4 000	0	0
I - 57	Avløp - Avskjæringsgrøft Ytre Hareid	5 000	0	0	0
I - 101	Avløp - Bjåstad Røyset - vedtatt 2018	5 000	0	0	0
I - 108	Avløp - Fornyng avløpsnett	1 000	0	0	0
I - 67	Avløp - Krysset Bigset byggefelt	850	0	0	0
I - 104	Avløp - Ny avløpsplan vedtatt 2018	100	0	0	0
I - 103	Avløp - Ombygging av avløp i sentrum vedtatt i 2018	5 000	0	0	0
I - 64	Avløp - Rehabilitering av avløpsanlegg	1 000	0	0	0
I - 69	Avløp - Reinseanlegg	1 000	10 000	10 000	0
I - 93	Avløp - Sikring av Gjerdeelva egenandel til NVE	600	0	0	0
I - 129	Avløp - sjøledning Brandal	1 000	0	0	0
I - 133	Avløp - Sjøledninger Raffelneset	3 000	0	0	0
I - 142	Avløp Kyrkjegata	1 000	0	0	0
I - 144	Båt og brygge på ansvaret Anløp	2 000	0	0	0
I - 113	Hamn - Hamneområdet sentrum	0	1 000	0	0
I - 72	Nytt inntaksarrangement Hammarstøylvatnet vedtatt 2017 2018	2 000	0	0	0
I - 100	Vatn - Bjåstad - Røyset vedtatt 2018	5 000	0	0	0
I - 107	Vatn - Fornyng vassledningsnett	500	500	500	500
I - 71	Vatn - Hovudvassledning Holstad - Grimstad	100	1 000	0	0
I - 106	Vatn - Inntak Hammarstøylvatnet	2 000	0	0	0



I - 70	Vatn - Mobil straumaggregat	300	0	0	0
I - 105	Vatn - Ny vassforsyningsplan vedtatt i 2018	500	0	0	0
I - 60	Vatn - Nytt vassbehandlingsanlegg	1 000	10 000	0	0
I - 61	Vatn - sentrumsnettverk	1 700	0	0	0
I - 141	Vatn Kyrkjegata	1 000	0	0	0
Sum sektor for Samfunnsutvikling VA-prosjekt		41 950	26 500	10 500	500

9.3.2 Kommentar til investeringstiltaka – Sjølvkostprosjekt

I – 111 Anløp – Bytte lyktestolper moloar

For å sikre farleia og sikkerhet må vi bytte ut lyktestolpene og sikre landstraum på begge moloane i sentrum. Ein må både bytte ut lyktestolpane, samt sikre at ein har ei separat straumforsyning til lyktestolpane, samt lanterna som markerar moloendane.

I – 144 Anløp - Båt og brygge

Naudsynt investering for handtering av lovpålagde oppgåver i farleia. Rydding av drivgods og liknande er hovudansvaret til kommunen etter hamne- og farvasslova. Denne investeringa sett oss i stand til å oppfylle krava i loven.

I – 81 Avløp - Avskjærande avlaupsleidning Grimstad – Bjåstad

Ein må etablere ei slik leidning for å fjerne forureininga som lekkar ut i Grimstadvatnet. Planlagt prosjektert i 2019 og bygd ut i 2020. Tilsvarande prosjekt på vatn.

I – 57 Avløp - Avskjæringsgrøft Ytre Hareid

Det må lagast ei avskjærande grøft over bustadfeltet på Ytre Hareid. Det er massive problem med overvatn nedover heile feltet. Det er tettbygde områder så det vil vere svært vanskelig å lage system for lokal overvasshandtering når feltet er ferdig utbygd.

I – 101 Avløp - Bjåstad Røyset - vedtatt 2018

Ferdigstilling av teknisk anlegg Bjåstad Røyset.

I – 108 Avløp - Fornyng avløpsnett

Fornyng av avløpsnett, samt separering av eksisterande leidningsnett for reduksjon av fremmedvatn i avløpssystemet.

I-67 Avløp - Krysset Bigset byggefelt

Her har ein oppdaga feilkopla avløp. Leidningane må gravast opp og koplast om. Ein må i same operasjon også legge ned ny drens og kople saman eksisterande drenssystem med det nye.

I-104 Avløp – Ny avløpsplan, vedteke 2018

Avløpsplanen må oppdaterast.

I-103 – Avløp - Ombygging av sentrumsnettverket vedteke i 2018

I samband med realisering av helsehuset må ein legge om avløpssystemet i sentrum slik at ein sikrar at avløpet frå Ytre Hareid vert frakta til Raffelneset og det nye reinseanlegget. Ein vil også separere avløpssystemet slik at ein reduserer fremmedvatn på avlaupssystemet.

I – 69 Avløp – Reinseanlegg

Det må byggast reinseanlegg for avløp på Raffelneset. Slik situasjonen er no går all kloakk i kommunen ureinsa ut i sjøen. Ein legg opp til planlegging og prosjektering i 2019 og starte bygging av reinseanlegget i 2020.



I-93 Avløp - Sikring av Gjerdeelva egenandel til NVE

NVE skal sikre Gjerdeelva. I samband med dette må Hareid kommune bidra med 20% av totalkostnaden.

I -129 Avløp - sjøleidning Brandal

Det må byggast ny sjøleidning i Brandal i samband med etablering av slamavskiljar og omlegging av avløp i Brandal.

I-133 Avløp - Sjeidningar Raffelneset

I samband med prosjekt Pålhaugane og Avløp sentrum, samt nytt reinseanlegg må det byggast nye sjeidningar på Raffelneset.

I-142 Avløp Kyrkjegata og Jets

Avløp mellom Isakdalen og Soffibakken, i tillegg til omlegging av hovudkloakken ved Jets

I – 100 Vatn - Bjåstad - Røyset vedtatt i 2018

Ferdigstilling av teknisk anlegg Bjåstad Røyset

I – 107 Vatn - Fornyning vassleidningsnett

Løypande fornying av vassleidningsnettet

I-71 Vatn - Hovudvassleidning Holstad – Grimstad

Hovudvassleidninga må bytast ut. Det er ei gamal betongleidning som på fleire plassar er øydelagt. Planlagt prosjektert 2019 og bygd i 2020. Tilsvarende prosjekt på avløp.

I-106 Vatn - Inntak Hammarstøylvatnet vedteke 2018

Ein må etablere nytt vassinntak i Hammarstøylvatnet. Koordinering med NVE og Tussa.

I -70 Vatn - Mobilt straumaggregat

Vi er pålagt av Mattilsynet å ha løysningar for reservestraum på plass dersom straumbrot rammar vassbehandlingsanlegget

I-105 Ny vassforsyningsplan

Vassforsyningsplana må oppdaterast, den gamle er frå 1991.

I-60 Vatn - Nytt vassbehandlingsanlegg

Det eksisterande vassbehandlingsanlegget har ikkje kapasitet til å forsyne både drikkevatt og vatn til industrien. Det er og ein utfordrande driftssituasjon med eksisterande vassbehandlingsanlegg og ein ser store auke i utgifter knytt til spesifikasjon 340 – produksjon av drikkevatt. Det er tenkt at ein i 2019 skal greie ut ulike løysningar på utfordringane.

I-61 Vatn – sentrumsnettverk

I sentrum er mykje av vassverket gammalt duktilt støypejern. Erfaring tilseier at dette er kjelda til mykje lekkasjar. Dette må skiftast ut til nye PVC-rør. Gjerast i samband med avløp – sentrum prosjektet.

I-141 Vatn – Kyrkjegata og Jets

Ny vassleidning mellom Isakdalen og Soffibakken, i tillegg til omlegging av hovudkloakken ved Jets.

9.3.3 Kommentar til investeringstiltaka – Ordinære prosjekt

I - 51 Alle bygg - digitalisering teikningar



For å kunne innføre internhusleige må alle bygg teiknast opp digitalt (dwg-format) slik at ein får korrekt leigegrunnlag. Digitalisering er også naudsynt m.o.t. framtidige ombyggingar, registrering av tekniske fag og elles på generelt grunnlag.

I - 50 Alle bygg - etablere SD-anlegg

Sentralt Driftsovervåkingsanlegg er eit rasjonelt styrings- og kontrollverktøy som set oss i stand til å styre og overvåke alle tekniske anlegg i ein felles datasentral noko som gir oss oversikt og kontroll over m.a. energiforbruk, ventilasjonsanlegg og temperaturstyring. Systemet vil koordinere innslagstidspunkt for varme og ventilasjon i forhold til gitt temperatur og ein vil raskt få feilmeldingar ved avvik.

I - 52 Alle bygg - nedgravd avfallsløysing

Det er krav om ikkje brennbart materiale i nærleiken av alle bygg. Konsekvens av å ikkje innfri krav er avkorting i forsikringsutbetaling på ca 30%. Alternativet til nedgravd avfallsløysing er å bygge eigne avfallsbygg i tilstrekkeleg avstand frå bygget. Dette kan på enkelte eigedomar vere utfordrande grunna størrelse på tomtene.

I - 46 Alle bygg - prosjektering/gjennomføring

Legionellakontroll

Midlar til avklaring kostnader samt gjennomføring m.o.t. etablering av legionellakontroll i alle garderobeanlegg.

Legionellabakterier vert smittefarlige når dei får formere seg i lunka vatn i dusjanlegg og andre tekniske installasjoner.

Typiske smittepunkt er dusjanlegg, luftkondisjoneringsanlegg o.l Varmebehandling over tid, desinfisering samt reingjering må gjennomførast ihht lovkrav. Eksempelvis må eit heilt anlegg køyrast med over 70 grader vatn i minimum 5 minutt, dette krev teknisk tilpasning for å oppnå, særskilt på store anlegg som eksempelvis ungdomsskulen og hareidhallen.

I-19 Fiber for alle

Tiltaket føresett mest sannsynleg at kommunen står som eigar av anleggsmiddelet. Om ikkje er det sannsynleg at tiltaket må tolkast som tilskot til andre si investering, som må først i drifta. Det skal leggst fiber til områda utanfor sentrum. Ein har no gjort ei utgreiing av kostnader og det er sendt søknad til Nkom / fylkeskommunen. Ein har lagt inn kostnader og finansiering for utbygginga, i tråd med økonomioppsettet i nemnte søknad. Ein har søkt om kr 2 056 533 i stønad og dette ligg inne som del av finansieringa.

I - 18 Flyfotografering

Innkjøp av teneste til fotogrammetrisk ajourføring av FKB-B i henhold til geodataplanen i samarbeid med dei 7 nabokommunene våre på Søre Sunnmøre. Prosjektene inkluderer flyfotografering, ortofotoproduksjon og konstruksjon av FKB-data. Det blir bestilt ortofoto i full bildedekning.

I - 138 Fotballhall 25 mill. kroner

Nytt alternativ mellom anna utan garderobe, og med 4 mill. kr i spelemidlar.

Det er anteke at det ikkje blir gitt mva kompensasjon for vegg knytt til reklameutleige, samla 3 mill kr inkl. mva.

Viser til

SaksnrLøpenr.KlasseringStadDato

2017/1000 12757/2018D11Hareid18.10.2018

I - 87 Gatelys - Nye armaturer vedtatt 2018

Skifte av armatur på gatelysa i Hareid kommune til LED-armatur. Dette vil vere eit energibesparande tiltak



I - 94 Grunnkjøp - Holstad Byggefelt

Grunnkjøp i samband med realisering av Holstad byggefelt

I - 95 Grunnkjøp - Ymse grunnkjøp

Ymse grunnkjøp

I - 42 Hadartun - rehabilitering omsorgsbustadar

Total rehabilitering av inntil to bustadar årleg. Dette inkluderer kjøken og bad. Bustadane er i dårleg forfatning og ein mottek klager frå både bebuarar og pårørande. Ved å totalrehabiliterer vil ein få plassere kostnader som investering. I dag må ein gjere til dels store inngrep ad-hoc og belaste drifta.

I-113 Hamn – Hamneområde sentrum

Ein må utvikle hamneområdet i sentrum. Nye brygger og fokus på at hamneområdet er eit sentrumsområde som ein kan utvikle til å bli eit område for rekreasjon og bruk for innbyggjarane.

I - 110 Hamn – Brandal

Opprusting av kaier i Brandal, inkludert fiskerikaia i Brandal

I - 112 Hamn – Godsterminalen

Godsterminalkaia må rustas opp. Den er i dårleg stand, ref. rapport frå konsulent.

I - 121 Hamn - Polarstar-kaia

Kaia kor Polarstar ligg er full av råte og må rivast og byggast opp igjen. Konkurransen er lyst ut som totalentreprise.

I - 137 Hareid rådhus – Leigetakartilpassing

Kostnader ved ombygging av biblioteket sine areal til andre leigetakarar

I - 120 Hareid rådhus - rehabilitering inklusive opsjon på taket

Rehabilitering av rådhuset, 1. byggesteg. Inklusive utbetring av taket.

I - 43 Hareid sjukeheim - etablere vaktrom

Etablere vaktrom i einingane på sjukeheimen. Disse er i dag ein del av fellesrom. Behov for å sette opp vegg og skilje ut eigne rom til dette.

I - 38 Hareid sjukeheim - prosjektering ombygging 2. og 3.etg.

Dagaktivitetstilbod til demente heimebuande

Denne tenesta er lovpålagt frå 01.01.2020. Det er mogleg å søke om tilskot for etablering av dagaktivitetstilbodet frå Helsedirektoratet.

Planen er å etablere dagtilbodet i lokala i 2 etg, som heimetenestene flyttar ifrå. Der vil ein få eit godt tilbod med eigna uteområde i sansehagen, og kompetanseutveksling med personalet ved skjerma eining. Målet vil vere å tilrettelegge for at demente kan bu lengst mogleg heime med eit godt tilrettelagt dagaktivitetstilbod.

Det må utarbeidast tildelingskriterier for dagtilbodet.

Det krev eit investeringstiltak for planlegging og prosjektering av 2 etg, sidan lokala ikkje er tilrettelagt per i dag til dette tilbodet.

Servicesenter for eldre heimebuande og bebuarar ved omsorgsbustadane

Det er ønskeleg å utvikle konseptet servicesenter i 3 etg, der noverande dagsenter for eldre er. Dette innberer mellom anna å etablere fotpleie, tannpleiar, kafe etablering i samarbeid



med kjøkkenet, kulturtilbod for eldre, samarbeid med frivillige, tilrettelagde arbeidsaktivitet for andre brukargrupper.

I stortingsmeldinga Leve hele livet blir det framheva ei nødvendig satsing på aktivitet og fellesskap, og mat og måltider. Ved å etablere ein møteplass for eldre der ein kan tilby kulturell aktivitet, fellesskap med andre, kjøp av nødvendige tenester og tilbod om kjøp av måltid.

Det er viktig at frivillige blir engasjert i denne satsinga, for å kunne nå måla i reforma Leve hele livet.

Det krev eit investeringstiltak for planlegging og prosjektering av 3 etg, sidan lokal ikkje er tilrettelagt per i dag for å etablere dette tilbodet.

I - 40 Hareid sjukeheim - ventilasjon vaskerom hjelpemiddel

Etablere ventilasjon på rom for reingjering av hjelpemiddel. Sterke kjemikalier vert nytta, behov for ventilering. Dei tilsette vil ikkje utføre arbeidet grunna belastning med avgassar i arbeidet.

I - 23 Hareid skule - opparbeide leikeplass

Opparbeide leikeplass med leikeapparat, støtsand/matter. Borna har ikkje aktivitetstilbod og det er naudsynt å aktivere elevane i friminutta.

I - 36 Hareid ungdomsskule - etablere aktivitetspark

Etablere aktivitetspark/ nærmiljøanlegg

I - 117 Helsehus - nytt bygg

Bygging av nytt helsehus

I - 139 Holstadfeltet - total infrastruktur

Opparbeiding av feltet krev investeringar i infrastruktur, knytt til vrg, vatn, avløp og avskjeringsgrøft.

I - 22 Nytt bygg - bygge kommunale bustadar for utleige

Bygge 8 nye kommunale bustadar for utleige, sentrumsnært. Dette for å redusere innleige av privat bustad, som vi i stor grad må gjere no for å imøtekomme dagens behov. Det vert lagt til grunn 40% støtte frå Husbanken på nettokostnad, samstundes som ein legg til grunn at prosjektet i så stor grad som muleg skal vere sjølvfinansierende, som følgje av leigeinntekter. Prosjektet er hausten 2018 lyst ut på Doffin.

I - 88 Omsorgsbustadar og dagaktivitetstilbod bu-og habiliteringstenesta

Forprosjektet er meldt opp i revidert 2018 og vedteke, men det er vurdert at forprosjektet må utsettast til 2019 som følgje av kapasiteten i avdelinga.

Sektor for velferd ynsker å flytte Pålhaugen 2 - bustadane til kommunal tomt ved sidan av Hadartun /Hareid Sjukeheim. Det har over fleire år vore meldt

eit aukande behov for tilrettelagde bustader for mennesker med nedsett funksjonsevne. Det har vore faglege diskusjonar og ein har kome fram til at det

er tenleg for framtidens tenester med mest mogleg samlokalisering av tenestetilbodet. Tomta ved Hadartun/sjukeheimen vil bli ledig til slikt formål når

Helsehuset i Hareid kommune er ferdigstilt. Det er naudsynt å nytte fagleg ressursar på tvers av tenestene og gir gevinst både i form av nytting av ressursar, auka kvalitet og større fagmiljø.

I - 83 Park og Grønt - Miljøgateprosjektet vedtatt 2018

Ein starta i 2018 arbeidet med å opparbeide ei miljøgate i Kjøpmannsgata. Denne planleggast ferdigstilt medio 2019



I - 85 Park og Grønt - Parken vedtatt 2018

Parken i sentrum skal rustas opp og er tenkt å bli eit samlingspunkt og område for rekreasjon for innbyggjarane i kommunen. Dette vil skje i fleire byggetrinn. Første byggetrinn vil involvere småbarns-leikeplass og paviljong.

I - 140 Utbyggingsområde - Pålhaugen – bustadområde

Total infrastruktur i samband med utbygging av bustadfelt. Opparbeiding av feltet krev investeringar i infrastruktur, veg, vatn og avløp.

I - 92 Skredvoll Brandal

Det må opparbeidast ein skredvoll i Brandal. Planlagt prosjektert i 2019.

I - 102 Veg - Bjåstad Røyset vedtatt 2018

Ferdigstilling av teknisk anlegg.

I - 91 Veg - Ombygging av vegryss ved helsehuset

I samband med realisering av helsehus må krysset til fylkesvegen byggast om, samt fortau på aust og vestsida av helsehuset.

I - 122 Veg - Parkeringsplass bak Kjøpmannsgata

Parkeringsplassen bak Kjøpmannsgata må opparbeidast og asfalterast. Dette vil verte ein parkeringsplass som kan nyttast av både kyrkjegjengarar, besøkande til helsehuset, samt handlande som vil vitje Kjøpmannsgata.

I - 86 Veg - Rundkøyring Holstad vedtatt 2018

I samband med utvikling av næringsareal og Holstad byggefelt må Hareid kommune etablere ei rundkøyring på Holstad. Rundkøyringa er ferdig prosjektert og ein har sikra bidrag frå private næringsaktørar. Ein ventar at ein må starte med å inngå ein gjennomføringsavtale med Statens Vegvesen før opparbeidinga av rundkøyringa kan starte.

I - 75 Veg - Vegen mellom gamle Brandalsveg og Reina

Vegen er her svært dårleg og må rustast opp

I - 84 Veg - Øvstevegen bro vedtatt 2018

Ei av hellene i bru-konstruksjonen er knekt. Dette må reparerast. Ein må her koordinere opp mot kulturavdelinga hjå fylkeskommunen.

9.4 Overordna målsettingar

9.4.1 Hovudmål

- Vere ein sektor som legg til rette for bustad og næringsutvikling
- Gjennomføre investeringsportefølgja på sektoren
- Vere ein sektor som samordnar og som står som utviklar av den heilskaplege samfunnsutviklinga i kommunen.
- Vere ein sektor som er ein ressurs til dei overordna planverktøya.

9.4.2 Utviklingsmål

- Legge til rette for bustadfelt
- Legge til rette for næringsutvikling
- Fokus på lov om offentlege anskaffingar
- Kommunale avløpsanlegg skal planleggast, byggast og driftast med fagkunnskap



- Revidere trafikktryggingsplan og gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsprogram
- Utarbeide vatn og avløpsplan i perioden
- Utarbeide plan og handlingsprogram for vegvedlikehald
- Utarbeide plan og handlingsprogram for park- og grønt-vedlikehald
- Ha eit laupande vedlikehald, reinhaldsrutinar og kontinuerlig oppsyn med utleigeobjekt
- Utarbeide vedlikehaldsplan for bygningsmassen
- Ha fokus på tiltak som kan gi reduserte energikostnader
- Bygge ut ein god infrastruktur
- Sikre god og trygg vassforsyning
- Yte godt vedlikehald av dei kommunale vegane innanfor vedtekne økonomiske rammer
- Eininga skal sjå til at Hareid hamn vert forsvarleg drifta
- Forvalte kommunen sine eigedommar på ein forsvarleg måte, og syte for at bygningsmassen til kommunen har ein best mulig standard, innanfor disponible økonomiske rammer
- Ferdigstille prosjektet Bjåstad Røyset
- Ferdigstille Miljøgateprosjektet
- Delta i arbeidet med utarbeiding av interkommunal kystsoneplan
- Halde lovsette fristar for sakshandsaming på alle fagområder
- Syte for at kommunens heimesider er eit godt verktøy i forbindelse med søknadar
- Starte utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel
- Følgje årshjulet for beredskapsarbeid
- Innføre internhusleige



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5 6060 Hareid
Tlf. +47 70 09 50 00
postmottak@hareid.kommune.no